

# Vedlegg til KOMMUNEPLAN FOR SKULE 2010 - 2020

Vedlegg 1: Skuleskildringar

Vedlegg 2: Prognosetabellar



## VEDLEGG 1

### SKILDNING AV EKSISTERANDE SKULEANLEGG I LINDÅS KOMMUNE

1	Eksisterande anlegg på Alversund skule .....	2
2	Eksisterande anlegg på Eikanger skule .....	9
3	Eksisterande anlegg på Festo skule .....	14
4	Eksisterande anlegg på Kløvheim skule .....	19
5	Eksisterande anlegg på Knarvik barneskule.....	24
6	Eksisterande anlegg på Knarvik ungdomsskule .....	29
7	Eksisterande anlegg på Leiknes skule .....	33
8	Eksisterande anlegg på Lindås barneskule .....	38
9	Eksisterande anlegg på Lindås ungdomsskule .....	47
10	Eksisterande anlegg på Myking skule .....	53
11	Eksisterande anlegg på Ostereidet barneskule.....	59
12	Eksisterande anlegg på Ostereidet ungdomsskule .....	64
13	Eksisterande anlegg på Seim skule.....	70
14	Eksisterande anlegg på Skodvin skule .....	78

# 1 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ ALVERSUND SKULE

Skuletype: Kombinertskule 1.-7.årssteg og 10.årssteg  
 Kapasitet: 420-440 elevar  
 Brutto bygningsareal: 7737 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 23 500 m<sup>2</sup>

## NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar på barnesteg og elevar i 10.årssteg *):	408 elevar
Talet på barn i SFO:	155 barn
Pedagogisk personale:	38 personar
Andre tilsette :	33 personar



(\* ) Skulen er rein barneskule frå hausten 2009 og ungdomsskuleelvane vil då av gå på Knarvik ungdomsskule. Elevar på 10. trinn er medrekna her.

## 1.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Alversund skule ligg i Alversund, om lag 5 km nordvest for kommunesenteret Knarvik. 14 % av elevane (60 elevar) har rett på gratis skuleskyss, om lag halvparten på grunn av farleg skuleveg og halvparten på grunn av avstand.


## 1.2 BYGNINGAR

Bygningsmassen er delt inn i fem fløyer som er oppført over ein tidsperiode på over 30 år.

Eldste del, som på oversiktsteikninga er kalla fløy 2, vart oppført i 1956, og påbygd i 1958.

Fløy 1, som blant anna inneheld gymsal, symjebasseng og sløyd vart oppført i 1964-65.

I 1974 vart det bygd eit frittstående bygg som nå er fløy 5. Fløy 3 og 4 vart oppført i 1989, og er bygd mellom fløy 2 og 5, slik at bygningsmassen no er samanhengande.



Samlege bygg er oppført i betongkonstruksjonar med etasjeskiller i betong. Det er nytta ulike bæresystem i dei ulike fløyene. Fløy 3 og 4 er enklast å bygge om.

Bygning	Innhald	Byggeår
Fløy 1	<p><u>4.etg:</u> 1 klasserom, 1 grupperom, magasin, galleri/tribune og "filmrom" (lite rom med vindaug ut til gymsalen).</p> <p><u>3.etg:</u> Vestibyle, gymnastikksal, scene, apparatrom, garderobeanlegg, kjøken, spes.ped.-base (4 små rom), toalett.</p> <p><u>2.etg:</u> 1 klasserom, tekstilforming, tresløyd, metallforming, lakk, maskinrom, tannklinikk, elevtoalett, lagerrom, reinhaldsrom og tekniske rom.</p> <p><u>1.etg:</u> Symjebasseng, garderobeanlegg og tekniske rom.</p>	1964-65
Fløy 2	<p><u>4.etg:</u> 5 klasserom, 1 grupperom og boklager.</p> <p><u>3.etg:</u> 1 klasserom, 1 grupperom, 2 SFO-grupperom, skulekjøken m/ birom, miljøverkstad/alternativ arena, vestibyle, toalettanlegg.</p> <p><u>2.etg:</u> Datarom og fotorom.</p>	1956, påbygg i 1958
Fløy 3	<p><u>5.etg:</u> Administrasjon og personalareal.</p> <p><u>4.etg:</u> 4 klasserom (eitt er tidlegare mediatek), 2 grupperom, naturfagrom m/rom til førebuing, lager for K&amp;H-materiell og rom til skulelege/helsesystemer.</p> <p><u>3.etg:</u> Hovudinngang/vestibyle, bibliotek m/kontor, trimrom, med apparatrom og garderobar, toalettanlegg, vaktmeisterkontor, lager/tilfluktsrom og tekniske rom</p>	1989
Fløy 4	<p><u>5.etg:</u> 3 klasserom (eitt er tidlegare musikkrom), 3 grupperom, instrumentlager, arbeidsrom for lærarar, boklager og materialrom/datalager.</p> <p><u>4.etg:</u> 2 klasserom, 1 grupperom, reinhaldssentral, reiskapsrom, tekniske rom og elevtoalett, mjølkerom, lager og reinhaldslager i tilfluktsrom.</p>	1989
Fløy 5	<p><u>5.etg:</u> 2 klasserom, SFO-base/klasserom, SFO-kjøken samt diverse mindre rom til SFO, toalett og toalettanlegg.</p> <p><u>4.etg:</u> 3 klasserom, 1 grupperom, arbeidsrom til vaktmeister og boklager i tilfluktsrom.</p>	1974

### 1.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Alversund skule har ein tomt på omlag 23.500 m<sup>2</sup>. Tomta er fint opparbeida med tilkomst og parkering i nord. Skulen ligg i ein skråning og bygningsmassen er forma som ein hestesko rundt den sentrale delen av elevane sitt opphaldsareal. Det er kjøyrbar veg på vestsida av bygningsmassen, til ein reserveparkeringsplass sør på tomta.

Det er stor høgdeforskjell på tomta sitt høgaste og lågaste nivå og bygningsmassen har 5 plannivå. Tomta skrånar frå sitt høgaste nivå i aust mot vest og nord. Dei yngste elevane har sitt uteområde på austsida, på utsida av hesteskoen mellom skulebygningen og hovudvegen. Den største skuleplassen, ballbinge og grusbane ligg meir avskjerma inni hesteskoen på eit lågare nivå. Sør og aust på tomta er det meir ulendt med bratte akebakkar.

Uteområdet er relativt bra tilrettelagt, men det kunne nok ha vore fleire leikeapparat til dei yngste.



Flybiletet gir ein oversikt over skuletomta med uteområde, parkering og dei ulike bygnings fløyene:



#### 1.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL



*"Lange korridorar"*

Soneinndelinga i skulen er ikkje god. Heile 1.450 m<sup>2</sup> (21%) av nettoarealet til skulen er trafikkareal. Dårlege soneinndeling fører til mykje trafikk i gangareala. Trafikkareala kan då vanskeleg nyttast til andre føremål. Ei betre soneinndeling med desentraliserte inngangar gjev mindre behov for interne vandringer av personar mellom ulike soner i skulebygningen. Trafikkareala burde då kunne innlemmast i læringsarealet.

#### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**

Skulen har til saman 20 ordinære klasserom, i tillegg vert musikkrom og mediatek nytta til klasserom. Om ein ser bort i frå manglande ventilasjon (i fløy 2) er klasseromma isolert sett stort sett OK; mange er relativt lyse og trivelege. Problemet er at dei fleste klasseromma manglar fellesareal og grupperom i nærleiken. Skulen har 9 grupperom av ulik storleik. Dette er for få grupperom og plasseringa er nokre stader ikkje god i høve til klasseromma.



Bileta viser (f.v.): Klasserom i småskulen, klasserom på mellomtrinnet og klasserom på ungdomstrinnet.

## SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulen har ei kunst og handverksavdeling, skulekjøken, naturfagrom, bibliotek, datarom, gymsal og trimrom, og er slik sett godt utstyrt med spesialrom. Samla spesialromsareal ligg høgt i høve til kva som er vanleg i nyare skulebygg. Med tanke på at Alversund skule frå hausten av vert ein rein barneskule, er arealet nytta til spesialrom svært høgt.

Kunst og handverksavdelinga består av rom for tekstilforming med lager (100 m<sup>2</sup>), sløydsal med lakkrom og maskinrom (118 m<sup>2</sup>) og metallsløyd (60 m<sup>2</sup>). Alle romma ligg samla i underetasjen av fløy 1. I tillegg vert eit lagerrom (43 m<sup>2</sup>) i 4.etg av fløy 3 nytta til lager for K&H-materiell. Det samla arealet som er nytta til K&H (321 m<sup>2</sup>) ligg langt over det som er vanleg i nye skuleanlegg for tilsvarende skuletype.

Rom for naturfag (86 m<sup>2</sup>) ligg i 4 etg. av fløy 3. Rommet er innreia med bord og stolar i bue framfor ein demonstrasjonsbenk. Det er digital tavle i rommet og det nyttast og til andre fag enn naturfag. Bakom naturfagrommet er det eit stort rom for førebuing (42 m<sup>2</sup>). Dette rommet vert og nytta som grupperom og møterom. Naturfagsareala er svært tilfredsstillande.



*Bileta viser (f.v.): Sløydsal, tekstilformingsrom og naturfagsrom.*

Skulen har eit stort og fint bibliotek (130 m<sup>2</sup>), som ligg ved hovudinngangen. Biblioteket var opphavleg folkebibliotek, men er no skulebibliotek. Datarommet (25 m<sup>2</sup>) ligg i 2.etg av fløy 2 (underetasje). Rommet er utstyrt med 16 PC-ar. Det er dårleg luft og lukt i rommet.

Skulekjøkenet (77 m<sup>2</sup>) med birom (6 m<sup>2</sup>, 18 m<sup>2</sup>, 10 m<sup>2</sup> og 14 m<sup>2</sup>) ligg på plan 3 i fløy 2. Kjøkenet er tradisjonelt innreia med fire arbeidsstasjonar og bord for måltid, samt demonstrasjonsbenk. Innreiinga er noko slitt.

Musikkrom (111 m<sup>2</sup>) og mediatek (110 m<sup>2</sup>) vert nytta som klasserom.



*Bileta viser (f.v.): Bibliotek, datarom og skulekjøken.*

Skulen har ein gymsal (210 m<sup>2</sup>) med scene (60 m<sup>2</sup>), apparatrom (28 m<sup>2</sup>) og to garderobar med dusj (kvar på ca 45 m<sup>2</sup>). Overflater i gymsalen er slitte, men utforming og storleik på gymnastikksal og garderobeanlegg er tilfredsstillande. I tillegg til gymsalen har skulen eit trimrom (110 m<sup>2</sup>) med apparatrom (19 m<sup>2</sup>) og to garderobar (kvar på ca 60 m<sup>2</sup>) i tilfluktsareal.

Symjeanlegget er renovert, og har no tilfredsstillande standard. Bassenget dekkjer behovet for symjeopplæring til elevane ved fleire av skulane i kommunen.



Bileta viser (f.v.): Gymsalen, scenen i gymsalen og trimrommet.

## SFO



SFO disponerar 1 klasserom (61 m<sup>2</sup>), samt kjøken (20 m<sup>2</sup>) og fire små grupperom (til saman ca 60 m<sup>2</sup>) i 5.etg av fløy 5, og to grupperom (32 m<sup>2</sup> og 39 m<sup>2</sup>) i 3.etg av fløy 2. Samla areal til SFO (212 m<sup>2</sup>) ligg langt høgare enn det som er vanleg å planlegge for i nyare skular. Tilhøva for SFO er tilfredsstillande arealmessig.

SFO-leiar har kontor saman med skulen sin administrasjon.

## GARDEROBAR OG TOALETT



Garderobetilhøva for elevane består av hyllar, benkar og skohyllar i korridor. Spesielt i småskulen er det behov for nye garderobeløysingar, gjerne ein grovgarderobe og ein finare garderobe. Det er sentrale toalettanlegg fleire stader i anlegget.

Elevane burde hatt betre garderober.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Skulen sitt administrasjon- og personalareal ligg samla i 5 etg av fløy 3. Administrasjon- og personalavdeling har ei grei utforming og nok rom, men ligg relativt isolert frå resten av skulen og eit godt stykke frå hovudinngangen.

Administrasjonsareala består av forkontor (33 m<sup>2</sup>), kontor for rektor (23 m<sup>2</sup>), inspektør (16 m<sup>2</sup>) og assisterande einingsleiar (16 m<sup>2</sup>). I tillegg har SFO-leiar og rådgivar kontor (16 m<sup>2</sup> og 20 m<sup>2</sup>) ved administrasjonen.

Lærarane sine arbeidsplassar er fordelt på 7 arbeidsrom (6 rom på 22 m<sup>2</sup> og eitt rom på 51 m<sup>2</sup>). Lærararbeidsplassane er noko tronge, men arbeidsromma i seg sjølv er tilfredsstillande. I tillegg er det to konferanserom på 21 m<sup>2</sup>. Avstanden mellom lærararbeidsplassane og mange av klasseromma er relativt stor.

Personalrommet er stort ( 89 m<sup>2</sup>) og innreia med sofaer, stolar og bord.



Bileta viser (f.v.): Eit arbeidsrom for lærarar, personalrommet og eit av konferanseromma.

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar eit rom (20 m<sup>2</sup>) i fløy 3.

### Reinhald

Det er vaskerom/reinhaldslager på plan 5, plan 4 og plan 2. I tillegg er det bøttekott på plan 4 (2 stk), plan 3 og plan 1. Tilhøva for reinhaldarane er slik sett gode.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar eit rom (20 m<sup>2</sup>) på plan 3 av fløy 3.

### Lager

Skulen har mykje lagerplass i tilfluktsareal, samt nokre lagerrom rundt om i skuleanlegget.

## INVENTAR

Skulen har inventar av varierende standard og utforming.

### 1.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

#### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 54 760 000,- kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Fasaderehabilitering, yttertak, vindauge og innvendige flater.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg. Utbetring, oppgradering radiatorsystem.
- Elektro: Nye føringsveggar og tavler.

### 1.6 SKULEN SIN KAPASITET

Alversund skule har eit høgt bruttoareal, men berre 36 % av anlegget er areal som definerast som allment læringsareal (klasserom, grupperom, garderobar etc.) og spesialisert læringsareal (sløydsal, tekstil, bibliotek etc.). Idrettsanlegg er ikkje rekna med i dette arealet. Hovudintrykket etter eit besøk på skulen er at den har mykje romareal, men at utnyttinga av desse areala er relativt dårleg. Skulen opplever at den er fullt utnytta med i underkant av 400 elevar. Bruttoarealet tilseier at skulen skulle hatt god plass til meir enn 500 elevar. Skulen har for lite baseareal, men mykje spesialisert areal og trafikkareal. Den har stor trong for tilrettelegging/ombygging for ny



organisering og nye arbeidsmåtar, noko som vil gje betre arealutnytting og plass til fleire elevar.

Ut frå ein samla vurdering av anlegget, vert skulen sin elevtalskapasitet (kor mange elevar skulen har kapasitet til å ta imot) anslått til 420-440 elevar. Med ombygging, betre utnytting og organisering/sonedeling av areala i anlegget, vil kapasiteten kunne aukast.

#### 1.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

På dagtid er symjebassenget og trimrom (i fløy 3) lånt ut til Festo skule, Leiknes skule, Eikanger skule, Seim skule og Knarvik barneskule tre dagar i veka. Skuleåret 2008/09 har pågangen vore stor på grunn av at symjebassenget på Ostereidet ungdomsskule har vore stengd. Tidlegare har symjebasseng og trimrom vore nytta av Festo skule, Seim skule og Knarvik barneskule.

I sørenden av fløy 1 er det leigde bort rom til tannklinikk. I tillegg låner Idrettslaget Alvidra eit rom.

På kveldstid nyttar musikkorps, idrettslag og andre lag og organisasjonar anlegget. Musikkorpset disponerer eitt lagerrom på skulen.

#### 1.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Det er heis i bygget som gir åtgang til alle etasjar. Skulen har eitt HC-toalett ved hovudvestibylen. Elles er ikkje skulen spesielt lagt til rette for hørselshemma, synshemma eller andre funksjonshemmingar.

#### 1.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er ikkje godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Årsak er m.a. ikkje tilfredsstillande inneklima.

#### 1.10 SAMLA VURDERING

Alversund skule har eit stort anlegg med mange rom og lange korridorar. Skulen er ein tradisjonell klasseromskule med lite fleksible areal og mange rom av lik storleik. Store delar av areala i anlegget har trong for fysisk utbetring. Det er og trong for betre organisering og utnytting av læringsareala.

Uteområdet er stor og fint lagt til rette for dei ulike aldersgruppene på barnesteget.

## 2 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ EIKANGER SKULE

Skuletype: Firedelt barneskule 1.-7.årssteg  
 Kapasitet: 35-45 elevar  
 Brutto bygningsareal: 946 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 7500 m<sup>2</sup>



### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 53 elevar  
 Talet på barn i SFO: 13 barn  
 Pedagogisk personale: 8 personar  
 6,3 årsverk  
 Andre tilsette : 4 personar  
 (assistentar og kontorpers.) 2,4 årsverk

### 2.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Eikanger skule ligg på Eikanger, om lag 14 km aust for kommunesenteret Knarvik. Berre 9 % av elevane (5 elevar - nokre på 1.årssteg) har rett på gratis skuleskyss, alle på grunn av avstand.

### 2.2 BYGNINGAR

Eikanger skule består av ein hovudbygning med to etasjar og ein lærarbustad som er omgjort til læringsareal med to etasjar. Begge bygg er i tre. Hovudbygget fekk eit tilbygg med administrasjon- og personalareal i 1991, og eit lite tilbygg med grupperom og lagerrom i 1996.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg	1.etg: 2 klasserom, 1 klasserom/skulekjøken, 1 grupperom, garderobe i korridor, administrasjon- og personalareal, toalettanlegg.  U.etg: 1 klasserom/sløyd, garderobe i korridor, gymsal med 2 garderobar, lager.	737 m <sup>2</sup>	1953, 1991, 1996
Lærarbustad	2.etg: SFO-base  1.etg: 1 klasserom, kjøken, toalett og garderobe.	209 m <sup>2</sup>	1953

### 2.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen har eit uteområde som strekker seg rundt hovudbygget og delvis rundt lærarbustaden. På framsida av hovudbygget (i nord) er det ein stor grusbane, godt egna for ballspel. På sørvestsida av bygget er det ein basketballbane og ei sandkasse. Basketballbana skal rustast opp og omgjerdast til volleyballbane og basketballbane. På baksida av hovudbygget (i sør) er det ein stor, litt kuppert grasplen, tre og buskar, sklie, huskestativ, klatre/leikehus og sitteplassar. Ved lærarbustaden er det ei sandkasse, smashballstativ, grasplen og sitteplassar. Uteområdet er greitt lagt til rette for lek og det er ein fordel at det er delt i fleire soner rundt byggene.

Uteområdet er i hovudsak pauseareal, men vert og nytta i temaundervisning, matematikk og kroppsøving. Nærområdet vert nytta til uteskule kvar uke.

Skulen har ein parkeringsplass ved vegen inn til skulen. Parkeringsplassen er skjerma frå elevane sitt leikeareal, men det er ikkje godt skilje mellom vegen elevane går på inn til skulen og parkeiringsplassen.



Bileta viser (f.v.): Basketballbana, leikeapparat og grasplenen på baksida av skulen og sandkasse og skuleplass på framsida av skulen.

Flyfotoet gjev ein oversikt over skulen sine bygningar og uteareal:



## 2.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

### ALLMENT LÆRINGSAREAL

Skulen har 5 klasserom, fire er ordinære klasserom (eit på 33 m<sup>2</sup>, to på 43 m<sup>2</sup> og eit på 64 m<sup>2</sup>) og eit er kombinert klasserom/skulekjøken (49 m<sup>2</sup>). Det største klasseromet ligg i u.etg av hovudbygget og var opphavelig sløydsal. Det er foldevegg mellom dette rommet og sløydsalen. Dette er ingen god løysing i høve til støy.

Skulen har eitt grupperom (26 m<sup>2</sup>) som ligg i 1.etg av hovudbygget.




Bileta viser (f.v.): 2 klasserom i hovudbygget og klasseromet i lærarbustaden.

## SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulekjøkenet er eit kombinert kjøken og klasserom. Kjøkeninnreiinga er lagt langs to veggjar og rommet er elles møblert med pultar og stolar. Kjøkeninnreiinga er nedsliten.

Skulen har ein liten gymsal (89 m<sup>2</sup>), med låg takhøgde. Salen er dårleg egna til ballspel etc. grunna takhøgda. Det er to garderoabar i tilknytning til gymsalen. Garderobane (18 m<sup>2</sup> og 11 m<sup>2</sup>) er nyrenoverte og har god standard. I tillegg til kroppsøvningsundervisning, vert gymsalen nytta som samlingsstad for skulen. Dette er rommet godt egna til i høve til storleik. Det er ikkje scene eller apparatrom i direkte tilknytning til gymsalen, så stolar og gymnastikkutstyr vert lagra i eit lagerrom ved gangen utanfor gymsalen. Det er foldevegg mellom gymsalen og klasserommet ved sida av. Dette er ingen god løysing.

Andre fag som krev spesialutstyr, som K&H, naturfag og musikk føregår i dei vanlege klasseromma. Sløydbenkar og anna sløyd og keramikkutstyr vert lagra i eit lagerrom i u.etg og flytta til klasserom etter behov.



Bileta viser (f.v.): Skulekjøken/klasserom, gymsal og lager med K&H-utstyr.

## SFO



Skulen har ein eigen SFO-base i 2.etg/loft av lærarbustaden. Det er ein smal og bratt trapp opp. Basen består av to rom på 15 m<sup>2</sup> med opning mellom og to små kott, alt tilrettelagt for leik. I tillegg har skulen og SFO sambruk av areala i 1.etg av lærarbustaden (klasserom, garderobe, toalett og kjøken). Lærarbustaden er å dårleg stand, men areala er rehabilitert, tilbygd og pussa opp for ikkje så lenge sida. SFO har lager for uteleiker i kjellaren av lærarbustaden. Kjellaren vert ofte overfløymt.

## GARDEROBAR OG TOALET



I hovudbygget er det eit sentralt toalettanlegg med åtgang frå skuleplassen. Det er grei standard på toaletta. I lærarbustaden er det eit HC-toalett. Også dette har god standard.

Elevane har garderobe i korridor. Garderobeplassen består av hylle med knagg og sitteplass med skohylle under. Alle elevane har eigen garderobeplass.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Heile administrasjon- og personalavdelinga ligg i den nyaste delen av skulen frå 1991.

Administrasjonsareala består av kontor til einingsleiar (10 m<sup>2</sup>), kontor til rektor (17 m<sup>2</sup>), forkontor (16 m<sup>2</sup>) og boklager/kopi-/produksjonsrom (16 m<sup>2</sup>). Tilhøva for administrasjonen er tilfredsstillande, men plasseringa av ein støyande server på forkontoret er lite god.

Arbeidsplassane for lærarane er samla i eit rom på 29 m<sup>2</sup>. Det er til saman 9 arbeidsplassar i rommet og arbeidsplassane er tronge. Rommet er dessutan innreia med arbeidsplassar langs med veggane og open plass på golvet, slik at det ikkje opplevast som overfylt når ein ser inn i det.

Personalrommet er stort (43 m<sup>2</sup>), lyst og triveleg. Rommet er innreia med sofagruppe og kjøkenkrok. I tillegg er der bokhylle for tidsskrift etc. Personalrommet er svært tilfredsstillande i høve til areal og utforming.

Skulen har to små garderober (4,5 m<sup>2</sup>) for personalet. Damegarderoben er innreia med låsbare skåp, knaggar og skohylle. I herregarderoben er det berre knaggar og skohylle. Det er eit enkelt toalett og eitt HC-toalett ved administrasjonen. Det er dusj på HC- toaletta. Garderobetilhøva for dei tilsette er rimeleg gode.



*Bileta viser (f.v.): Rektor sitt kontor, arbeidsrom for lærarane og personalrommet*

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar ikkje noko eige rom på skulen.

### Reinhald

Det er eit bøttekott/vaskerom i 1.etg av hovudbygget og eit bøttekott i 1.etg av lærarbustaden. Det manglar bøttekott i u.etg av hovudbygg og i 2.etg av lærarbustad. Det er ikkje heis i bygget.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar ikkje noko eige rom på skulen, men har noko lagerplass på loftet av hovudbygget og i ein reiskapsbu ved lærarbustaden.

### Lager

Skulen har boklager ved administrasjonen i hovudbygget. I tillegg er det eit mjølkelager i 1.etg med trapp opp til lagerrom på loft. I u.etg av hovudbygget er det to lagerrom, nytta til stollager/apparatrom etc. og sløyd/K&H-lager.

## INVENTAR

Skulen har ein del gammalt og slitt inventar med ulik utforming.

### 2.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

#### Vedlikehaldsbehov neste 5 år:

- Kostnad: 9 250 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Fasaderehabilitering, kledning vindauge og innvendige flater,
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg, vassforsyning/sløkkevatn → Brønn
- Elektro: Mindre arbeider

### 2.6 SKULEN SIN KAPASITET

Eikanger skule har lite spesialisert læringsareal, liten gymsal og dårlege tilhøve i lærarbustaden. Skulen sin elevtalskapasitet er vurdert til å vere 35-45 elevar.

### 2.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid.

På kveldstid vert gymsalen lånt ut til rockeverkstad, fotball og dametrim tre dagar i veka. Eit klasserom vert lånt ut til kulturskulen ein dag i veka, og til sying ein dag i veka.

Skulen er elles i bruk ved ulike arrangement som t.d. Eikangerkarusellen, Osterfjordløpet, 17-mai, elevkveldar, ulike samlingar med elevar og foreldre, og møteverksemd (FAU, SU, SMU, Båtlaget, Bygdalaget).

### 2.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Skulen har ikkje heis og er vanskeleg tilgjengeleg i delar av bygningsmassen. Skulen er ikkje lagt spesielt til rette med tanke på hørselshemming, synshemming eller andre funksjonshemmingar.

### 2.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

### 2.10 SAMLA VURDERING

Eikanger skule er ein grendeskule med til dels svært dårleg bygningsmasse. Spesielt gjeld dette Lærarbustaden, men også mykje av elevareala i hovudbygget. Skulen har nok areal i høve til elevtalet, men ein del av areala er lite egna. Gymsalen er liten og lite egna til føremålet grunna låg takhøgde og lite areal. Det er ingen god løysing med foldevegg mellom gymsal og klasserom. Skulen har eit nedslite skulekjøken/klasserom og har elles alle spesialfunksjonar i sambruk med klasserom. Alt i alt er læringsareala på Eikanger skule nedslitne. Administrasjon- og personalareala har god standard.

Skulen har eit fint uteområde, greitt lagt til rette for ulike aktivitetar og alderssteg.

### 3 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ FESTO SKULE

Skuletype: Tredelt barneskule 1.-7.-årssteg  
 Kapasitet: 30-40 elevar  
 Brutto bygningsareal: 613 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 5200 m<sup>2</sup>

#### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 38 elevar  
 Talet på barn i SFO: Ikkje SFO-tilbod  
 Pedagogisk personale: 7 personar  
 5,1 årsverk  
 Andre tilsette : 1 personar  
 (assistentar og kontorpers.) 0,55 årsverk



#### 3.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Festo skule ligg heilt vest i Lindås kommune. Svært mange av skulen sine elevar har rett på skuleskyss (74 % av elevane , 27 på grunn av avstand og 1 på grunn av farleg skuleveg). Grunna organisering av skyssen har ein del av elevane lang reisetid.

#### 3.2 BYGNINGAR

Skulen består av eit paviljongbygg i ein etasje, satt opp i to byggesteg. Det første byggesteget vart sett opp i 1996, men paviljongen var då allereie 10 år gamal (henta frå Stord lærarhøgskule). Den andre delen vart sett opp i 2002. Denne delen var då ny. I tillegg er det eit lite uthus med ein gymgarderobe og lager.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Skulebygg	1.byggesteg: 1 klasserom, 1 grupperom, garderobe og to elevtoalett, vaskerom, administrasjon- og personalareal.	613 m <sup>2</sup>	1996 (1986)
	2.byggesteg: 2 klasserom, 1 klasserom/ skulekjøken, 1 grupperom, bibliotek, vaktmeisterrom/sløyd, materiellrom/lager, garderobe og to elevtoalett, gymgarderobe med dusj, personalgarderobe og -toalett.		2002
Uthus	Gymgarderobe med dusj og lager.		


#### 3.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Uteområdet består av ein grusbane godt egna for ballspel, asfaltplass ved hovudinngangen og ein stor grasplen som strekk seg rundt to sider av bygget. Det er lagt til rette for dei yngste elevane med leikeapparat, huskestativ, klatrestativ og sandkasse. For dei eldste elevane er det i tillegg til grusbana, lagt til rette med eit smashballstativ og eit musikkanlegg i uthuset slik at dei kan spele musikk sjølv i friminutta. Uteområdet er betre lagt til rette for aktivitet for dei yngste elevane enn for dei eldste.

Grunna mangel på gymsal nyttar skulen uteområdet i kroppsøvingundervisning. Utanfor skulen sin tomt nyttar skulen Førhaugane til uteskule. Der er det lagt til rette med bålplass, benkar og

gapahuk. Skulen nyttar og dei ulike fjella i nærområdet på tur dagar (Haukåsfjellet og Bergfjordfjellet). Festevatnet vert og nytta til kanotur og utedag. Mellomsteget på skulen er i tillegg med på sauesanking på Lygra kvart år.

Skulen har parkeringsplass på eine sida av bygget, skjerma frå elevane sitt leikeareal. Det er ikkje fortau ved avsetningsplassen for elevane som reiser med buss.



*Bileta viser (f.v.): Flyfoto som gjev oversikt over bygningar og uteareal, grasplenen med leikeapparat og grusbana med leikehytte og uthus.*

### 3.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

#### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**

Skulen har 3 ordinære klasserom og eit kombinert klasserom/skulekjøken. I tillegg har skulen to grupperom og eit lite bibliotek.

Klasserommet i den eldste delen av skulen er på 40 m<sup>2</sup>. Rommet er innreia med pultar og stolar i eine enden og langbord og benkar i andre enden, greitt lagt til rette for dei yngste elevane. Det er eit tekjøken ved langbordet. Det er også eit grupperom i denne delen av bygget som vert nytta hovudsakeleg av elevane som held til her.



*Bileta viser (f.v.): Klasserom, grupperom og klasserom med foldevegg.*

Dei tre andre klasseromma ligg i den nyaste delen av skulen. Her er det foldevegg mellom to av romma (41 m<sup>2</sup> og 46 m<sup>2</sup>). Desse romma vert nytta til samlingsrom for heile skulen. Det er piano og eit lite musikkklager i det eine rommet. Det kombinerte klasserom/skulekjøkenet er på 51 m<sup>2</sup>. Det er eit grupperom plassert mellom to av klasseromma.




## SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulen har lite spesialisert læringsareal, slik det ofte er på små grendeskular. Skulen har eit stort lager (29 m<sup>2</sup>) for formingsmateriell, naturfagsmateriell etc. Materiell vert henta herfrå og brakt til klasserommet. I tillegg er det eit tidlegare vaktmeisterkontor (13 m<sup>2</sup>) som fungerer som sløydrom/lager.

Det kombinerte klasserom/skulekjøkenet er på 51 m<sup>2</sup>. Rommet er utforma slik at kjøkendelen ligg i ein krok for seg sjølv. Det er svært god standard på skulekjøkenet

Biblioteket ligg i eit lite rom på 12 m<sup>2</sup> og er innreia med bokhyller langs vegg og nokre studieplassar.

Skulen har to garderober til kroppsoving, men ingen gymsal. Den eine garderoben (15 m<sup>2</sup>) ligg i den nyaste delen av skulebygget og består av eit omkleddingsrom og ein dusj. Det er god standard på denne garderoben. Den andre garderoben ligg i uthuset. Også denne har omkleddingsrom og dusjrom, men her er standarden langt lågare. Skulen saknar gymsal, men nyttar trimrom og symjebasseng på Alversund skule.



*Bileta viser (f.v.): Skulekjøkendelen av det eine klasserommet, biblioteket og "sløydrommet".*

## SFO

Skulen har ikkje SFO-tilbod. Dersom det vert oppretta SFO-tilbod vil SFO halde til i klasserommet og grupperommet til dei yngste elevane i den eldste delen av skulen. Her vil det vere tilfredsstillande tilhøve.

## GARDEROBAR OG TOALETT



Det er store og gode garderober til elevane i trafikkareal utanfor klasseromma. Alle elevane har eigen garderobeplass med hylle med knagg og benk med skohylle. Det er eit tørkeskåp plassert på det eine toalettet i den eldste delen av bygget.

Det er elevtoalett i begge deler av bygget, to i den eldste delen og eit HC-toalett i den nyaste delen.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Administrasjon- og personalareala ligg samla i den eldste delen av bygget og delar skulen i to sonar, ein for dei yngste elevane og ein for dei eldre. Administrasjonsarealet består av kontor til rektor (17 m<sup>2</sup>) og kontor til sekretær (8 m<sup>2</sup>). I tillegg er det eit lite kopirom (4 m<sup>2</sup>) som heile personalet nyttar. Rektor sitt kontor er møblert med møtebord. Skulen saknar eit eige møterom.

Arbeidsplassane til lærarane er samla i eit rom på 30 m<sup>2</sup>. Det er 6 arbeidsplassar i rommet. Sjølv arbeids plassane er litt tronge, men rommet er lyst og opent. På grunn av at kommunikasjon mellom den gamle og den nye delen av bygget går gjennom arbeidsrommet er det nokre problem knytt til forstyrring og støy.

Personalrommet er på 17 m<sup>2</sup> og stort nok til å romme heile personalet. Rommet er innreia med sofakrok og tekjøken med hybelkomfyr.

Det er ei personalgarderobe med toalett (ca 14 m<sup>2</sup>) i den eldste delen av bygget, og eit personaltoalett (2,5 m<sup>2</sup>) og dusj (2,5 m<sup>2</sup>) i den nyaste delen av bygget.

Administrasjon- og personalareala er i hovudsak tilfredsstillande.



*Bileta viser (f.v.): Personalrommet, rektor sitt kontor og arbeidsrom for lærarane.*

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar ikkje noko eige rom i skulen.

### Reinhald

Det er to små rom til reinhaldarane. Vaskerommet (4 m<sup>2</sup>) ligg i den eldste delen av bygget. Rommet er svært trangt, spesielt etter at dataskåp vart installert der. I tillegg er det eit bøttekott (5 m<sup>2</sup>) i den nyaste delen av bygget.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar ikkje noko eige rom i skulen. Det som var tenkt å vere vaktmeisterkontor vert nytta til sløyd/lagerrom.

### Lager

Skulen har eit boklager på ca 8 m<sup>2</sup>, eit materiallager på 29 m<sup>2</sup> og sløydrom/lager (til mjølk etc.) på 13 m<sup>2</sup>. I tillegg er det noko lagerplass i uthuset.

## INVENTAR

Skulen har inventar av varierende alder, men det meste er velhaldt og har grei standard.

### 3.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

#### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 1 120 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Generelt vedlikehald av trekledning.
- VVS: Bygget etter 1997
- Elektro: Bygget etter 1997

### 3.6 SKULEN SIN KAPASITET

Festo skule har greie og tenelege areal ut frå elevtalet. Ein samla vurdering av skulen sine areal tilseier ein elevtalskapasitet er på 30-40 elevar.

### 3.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid.

På kveldstid vert skulen lånt ut til soknerådet ein gong i månaden, og elles noko tilfeldig utlån av klasserom.

### 3.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Skulen er på eit plan og det er rampe opp til hovudinngangen. Inne er det lagt til rette med HC-toalett og trafikkareala er breie og lett tilgjengelege med rullestol. Det er ikkje lagt spesielt til rette i høve til hørselshemming, synshemming eller andre funksjonshemmingar.

### 3.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

### 3.10 SAMLA VURDERING

Festo skule har tenelege læringsareal i høve til elevtalet. Med omdisponering av noko lagerplass ville skulen kunne få til eit lite kunst og handverksrom dersom dette er ønskjeleg. Den store mangelen ved skulen er at den ikkje har gymsal/aktivitetsrom. Dersom skulen skal bestå, bør den utvidast med eit aktivitetsrom. Skulen har eit fint uteområde.

## 4 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ KLØVHEIM SKULE

Skuletype:	Barneskule 1.-7.årssteg
Kapasitet:	50-60 elevar
Brutto bygningsareal:	1180 m <sup>2</sup>
Tomteareal:	ca 11 700 m <sup>2</sup>

### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar:	51 elevar
Talet på barn i SFO:	8 barn
Pedagogisk personale:	7 personar
	5,73 årsverk
Andre tilsette :	3 personar
(assistentar og kontorpers.)	1,96 årsverk



### 4.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Kløvheim ligger aust i Lindås kommune, ca 20 km frå kommunesenteret Knarvik. Opptaksområdet strekker seg frå Bjørnevoll t.o.m. Stemmeleitet i nord/vest, Haugsdalen, Kløve, Fammestad, Gydalen, Grov, Tveitegrende og Reikerås. De aller fleste elevane bur i gangavstand til skulen, med unntak av nokre få som har skyss på 1.årssteg.

### 4.2 BYGNINGAR

Kløvheim skule består av eit hovudbygg i betong med to fløyer: ei fløy i to etasjar med klasserom og administrasjon og ei fløy i ein etasje med idrettsareal.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg Skulefløy	<u>2.etg:</u> 3 klasserom, eit kombinert bibliotek/ grupperom, lager/boklager. <u>1.etg:</u> 1 klasserom/SFO, 1 klasserom/grupperom, skulekjøken, 3 grupperom, lager sløyd, administrasjon og personalareal, reinhaldssentral.	1180 m <sup>2</sup>	1965, lite tilbygg i1996
Hovudbygg Idrettsfløy	1.etg: gymnastikksal med scene og apparatrom, 2 garderobar med dusj, 1 lærargarderobe, elevtoalett.		

### 4.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen har ein stor tomt, greitt lagt til rette for ulike aktivitetar og alderssteg.

På oppsida av skulen er det ein stor grusplass, godt egna for ballspel med basketballstativ og fotballmål. Inntil bygget er det asfaltdekke med paradiso.a. malt opp. I tillegg er det ei bu for uteleker og sandkasse for dei yngste. Det er konkrete planer om å etablere en ballbinge i eine enden av plassen. Rundt ballplassen er det naturtomt, lagt til rette med hinderløype og klatrestativ. På nedsida av skulen er det grasbakke og ein leikeplass med to huskestativ og ein leikehytte. Om vinteren er det gode høve til å ake.

Uteområdet vert i hovudsak nytta som pause- og leikeareal, men og til undervisning i kroppsøving, naturfag, K&H og til uteskule.

Utanfor skulen sin tomt vert skogsområde i gangavstand frå skulen nytta til uteskule og tur dagar. Det er og gode høve for å leggje ekskursjonar til elv, vatn og sjø - alt i gangavstand frå skulen.

Skulen sin parkeringsplass ligg på nedsida av skulen, skjerma frå elevane sitt leikeareal med gjerde og port.



*Bileta viser (f.v.): Skuleplassen og leikeapparata og grasplenen bak skulen.*

Flyfotoet gjev ein oversikt over skuleanlegget:



#### 4.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

##### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**

Skulen har tre ordinære klasserom, ein kombinert base for 1.kl/SFO, eit kombinert klasserom/grupperom (tidlegare sløydsal) og eit kombinert klasserom/grupperom/bibliotek. Romma er tradisjonelt innreia, med unntak av basen for 1.årssteg og SFO som er variert møblert med ulike sonar for aktivitetar. Klasseromma ligg langs einsidige korridorar.



*Bileta viser (f.v.): Klasserom/SFO, t klasserom og grupperom.*

I tillegg til dei kombinerte klasserom/grupperomma har skulen eit ordinært grupperom på 12 m<sup>2</sup> og eit tidlegare vaktmeisterkontor som vert nytta som grupperom på 6 m<sup>2</sup>. Det sistnemte rommet har berre åtgang gjennom eit lagerrom eller gjennom dør frå skuleplassen. Det er svært lytt mellom desse to romma.

### SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulen har rom/areal til bibliotekfunksjon, mat og helse og kroppsøving. Skulen manglar rom/areal til K&H, musikk og naturfag. Utstyr vert lagra og frakta til klasserom.

Bibliotekfunksjonen ligg i eit kombinert klasserom/ grupperom/bibliotek. Her er bokhyllar langs vegg og to bord med til saman seks PC-ar. I tillegg er rommet innreia med pultar og stoler.

Skulekjøkenet ligg ved basen for 1.årssteg/SFO. Rommet er på 28 m<sup>2</sup>, med tre arbeidsstasjonar. Kjøkeninnreiinga er plassert langs langveggane og det er eit matbord/arbeidsbord i midten. Skulekjøkenet vert nytta som matplass for SFO, i tillegg til undervisning i Mat og helse. Skulekjøkenet er tilfredsstillande i høve til storleiken på skulen, men innreiinga er rimelig slitt.

Gymsalen er på 128 m<sup>2</sup>, har scene (23 m<sup>2</sup>), apparatrom (13 m<sup>2</sup>) og to garderober. Den eine garderoben er på 32 m<sup>2</sup> og romsleg, medan den andre er på 14 m<sup>2</sup> og litt trong. Den største garderoben vert og nytta til lagerplass for korpset. Det manglar toalett i garderobane, men det er eit felles toalett i ein gang bak scenen. Det er ikkje stollagar i tilknytning til gymsalen og stolar vert lagra på scenen. Kroppsøvingareala er tilfredsstillande, med unntak av at den eine garderoben er liten.

Skulen fekk eit tilbygg i 1996 med sløydsal, 2 lagerrom, grupperom, vaktmeisterkontor og garderobe. Sløydsalen (45 m<sup>2</sup>) er no omdisponert til klasserom/grupperom, medan sløydbenkar og anna utstyr til sløyd vert lagra i det store lagerrommet (18 m<sup>2</sup>) og utstyr til maling, keramikk, etc. vert lagra i eit mindre lagerrom (6 m<sup>2</sup>). Anna formingsmateriell vert lagra i skåp i korridor i 2.etg av bygget.



*Bileta viser (f.v.): Skulekjøken, bibliotek/mediatek/klasserom og gymsal.*

### SFO



SFO sin base er i sambruk med skulen. Basen består av eit stort rom (65 m<sup>2</sup>) og eit grupperom/leikerom 13 m<sup>2</sup>. Basen er variert og fleksibelt møblert, slik at rommet består av ulike soner for forskjellige aktivitetar. Skulekjøkenet ligg vegg- i-vegg med basen for 1.årssteg/SFO. Tilhøva for SFO er gode.

**GARDEROBAR OG TOALETT**

Skulen har sentrale toalettanlegg med åtgang frå skuleplassen. Toaletta er nyrenovert og har god standard.

Garderobane for elevane ligg i korridorane, men er utstyrt med nye hyllar, knaggar og benkar med skohyller. Alle elevane har sin eigen garderobeplass.

**ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL**

Administrasjonen består av kontor for rektor (13 m<sup>2</sup>) og sekretær (6 m<sup>2</sup>). Kontoret til sekretæren er litt trangt, men vert berre nytta ein dag i veka. Rektor sitt kontor er tilfredsstillande. Det er eit kopirom ved administrasjonen. Dette vert nytta av alle tilsette.

Personalrommet er på 31 m<sup>2</sup> og innreia med sofakrok, møtebord og kjøkenkrok. Personalrommet er tilfredsstillande i høve til talet på tilsette.

Arbeidsplassane til lærarane er samla i eitt rom på 28 m<sup>2</sup>. Her er det 8 arbeidsplassar. Arbeidsplassane er trange og måten rommet er innreia på, m.a. med høge hyllar, gjer at rommet vert opplevd ennå trange enn det er. Skulen melder om dårlege lystilhøve og dårleg luftkvalitet. Det er eit lite produksjonsrom med låsbare skåp for lagring til dei tilsette i gangen inn mot arbeidsrommet.

Personalgarderoben består av knaggar i ein gang ved administrasjon og personalrom, samt to toalett. Det er låsbare skåp til dei tilsette i korridoren i 1.etg. Det er ikkje dusj i garderoben og heller ikkje omkleingsrom.



*Bileta viser (f.v.): Personalrom, rektor sitt kontor og lærerarbeidsplassar.*

**ANDRE FUNKSJONAR/ROM**Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerer ikkje noko eige rom i skulen.

Reinhald

Det er eit vaskerom og reinhaldslager i ein halvetasje under 1.etg, samt eit bøttekott i korridoren i 1.etg. I 2.etg er det reinhaldslager og bøttekott i eit lagerrom med skråtak.

Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerer ikkje noko eige rom i skulen.

## Lager

Skulen har godt med fjernlagerplass på loft, og har ein del nærlagerplass i skåp i korridor. Det eine lagerrommet på loft har direkte åtgang frå eit klasserommet i 2.etg.

## **INVENTAR**

Skulen har inventar av varierende standard, noko nytt og noko gammalt.

### **4.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND**

#### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 9 600 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Vindauge, fasaderehabilitering, yttertak og innvendige flater.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg
- Elektro: Oppgraderingar

### **4.6 SKULEN SIN KAPASITET**

Skulen sin kapasitet er vurdert til 50-60 elevar.

### **4.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET**

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid.

Eikanger idrettslag nyttar gymsalen fleire kveldar i veka. Kløvheim skulekorps nyttar eit klasserom til aspirantøving ein dag i veka og gymsalen to gonger i veka. Korpset nyttar og den eine gymgarderoben og delar av loftet til lagerplass. I tillegg vert skulen sporadisk lånt ut til diverse lag og foreiningar.

### **4.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)**

Skulen har ikkje heis til 2.etg. Elles er det mogeleg å komme fram med rullestol. Det er ikkje lagt spesielt til rette i høve til hørselshemming, synshemming eller andre funksjonshemmingar.

### **4.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR**

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

### **4.10 SAMLA VURDERING**

Kløvheim skule er ein tradisjonell klasseromskule, med rom av lik storleik langs korridor. Skulen har greie klasserom, men saknar meir gruppeareal. Skulen har difor omdisponert K&H-rom til klasserom/grupperom. Det er mangel på spesialisert læringsareal, men samla sett har skulen nok areal i høve til elevtalet.

Det er god standard på skuleanlegget og det bør vere gode tilhøve for å utvikle bygget vidare. Skulen har eit stort og fint uteområde.



## 5 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ KNARVIK BARNESKULE

Skuletype:	Barneskule 1.-7.årssteg
Kapasitet:	160-180 elevar
Brutto bygningsareal:	3144 m <sup>2</sup>
Tomteareal:	ca 13 500 m <sup>2</sup>

### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar:	213 elevar
Talet på barn i SFO:	66 barn
Pedagogisk personale:	27 personar 22 årsverk
Andre tilsette : (assistentar og kontorpers.)	17 personar 12 årsverk



### 5.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Knarvik barneskule ligg sentralt i kommunesenteret Knarvik. Skulen er plassert mellom to vegar, og like ved den gamle vidaregåande skule. 11 % av elevane har rett på gratis skuleskyss, halvparten på grunn av avstand og halvparten på grunn av farleg skuleveg.

### 5.2 BYGNINGAR

Skulen består av eit hovudbygg og eit seksjonsbygg. Delar av hovudbygget vert pussa opp og delvis ombygd sommaren 2009. Seksjonsbygget er den nyaste delen av skulen.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg	2.etg: 5 klasserom, bibliotek, toalettanleggadministrasjon og personalareal.  1.etg: 4 klasserom, 4 grupperom (2 nye hausten 2009), sløydrom og lager, spes.ped.base, kroppsøvingsareal, toalettanlegg, drift og reinhaldsrom.	2618 m <sup>2</sup>	ca 1965 og 1980
Seksjonsbygg	1.etg: 5 klasserom, 1 klasserom/skulekjøken, 4 grupperom, 3 elevgarderobar, 1 lager og 1 teknisk rom.	526 m <sup>2</sup>	1996

### 5.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen sitt uteområde består av ein stor asfaltplass på framsida av hovudbygget, ein mindre asfaltplass på oppsida av hovudbygget og eit stort kommunalt friområde bak skulen. Den store asfaltplassen er lagt til rette for ballspel med fotballmål og ballbinge. Asfaltplassen på oppsida av bygget er lagt til rette med sklie, dumpe, sandkasse, basketativ og eit lite amfi. Uteområdet er godt tilrettelagt for ulike aktivitetar for dei yngste, men det er dårlegare tilrettelagt for dei eldste. Noko av arealet, til dømes eit amfi vert brukt som læringsarena. Uteområdet er ikkje universelt utforma. Nærleik til trafikkert veg er eit problem, då skulen har bilveg på fleire sider, samt at det går ein gangveg på tvers over skuleplassen. Det er ikkje ein god situasjon for skulen.



Bileta viser uteområder for høvesvis dei eldste og dei yngste elevane.

Flyfotoet gjev ein oversikt over skulen sine bygg og uteområde.



#### 5.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

##### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**



Skulen har 14 ordinære klasserom og eit kombinert klasserom/skulekjøken (i fast bruk som klasserom). Storleiken på romma varierar frå 48 m<sup>2</sup> til 102 m<sup>2</sup>. Skulen får nokre fleire grupperom etter ombygginga sommaren 2009, men vil framleis ha få grupperom i hovudbygget (4 stk). I seksjonsbygget er det greitt med grupperom.

Ei avdeling med fleire mindre rom vert sommaren 2009 bygd om til ein spes.ped.base.

##### **SPESIALISERT LÆRINGSAREAL**



Gymsalen er på 178 m<sup>2</sup>, med scene (36 m<sup>2</sup>) og to apparatrom (begge på 11 m<sup>2</sup>). Kroppsøvingsareala er tilfredsstillande, men gardrobane er slitte. Gymsalen vert og nytta som samlingsrom for skulen.

Skulekjøkenet har kjøkeninnreining med fire arbeidsstasjonar langs eine langveggen. Elles er rommet møblert som klasserom med pultar og stolar.

Sløydsalen vert bygd om til grupperom sommaren 2009. Eit lite rom (ca 10 m<sup>2</sup>) vil vere att til sløydforming, samt eit lite lager.

Skulen har eit bibliotek på 61 m<sup>2</sup>. Rommet er innreia med bokhyllar langs eine vegen, to runde bord, eit langbord og ein sofakrok. Biblioteket er plassert ved administrasjonen og vert også nytta som møterom.

Skulen manglar spesialisert læringsareal til K&H, naturfag og musikk, då romma desse funksjonane har vore i er omdisponert til klasserom. Ein skule på Knarvik barneskule sin storleik bør ha meir spesialisert læringsareal.



Bileta viser (f.v.): Dusj i gymgarderobe, skulekjøken/klasserom og biblioteket.

## SFO

SFO har base i klasseromma til dei lågaste årsstega. Lokala er lite egna til føremålet. SFO burde hatt eit eige areal i tillegg til sambruksareala.

## GARDEROBAR OG TOALETT



Garderobane til elevane i hovudbygget består av hyllar med knagg og benk med skohylle i korridor. Garderobane er tronge, spesielt for dei yngste elevane.

Det er eit toalettanlegg sentralt i 1.etg av hovudbygget, i tillegg er det eit enkelttoalett i den eldste fløya og to toalett samt HC-toalett i 2.etg av den nyaste fløya (der dei yngste elevane held til. I seksjonsbygget er det tre toalett ved den eine garderoben. Toaletta i 1.etg av hovudbygget vert pussa opp sommaren 2009.

Garderobe og toalettilhøva er ikkje tilfredsstillande.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Administrasjon- og personalareal er samla i 2.etg av hovudbygget.

Administrasjonsareala består av kontor til rektor (21,5 m<sup>2</sup>), forkontor (20 m<sup>2</sup>), kontor til inspektør (14,5 m<sup>2</sup>), samt arkiv (5,5 m<sup>2</sup>). Kontora har god storleik, men det er lytt mellom romma.

Lærarane sine arbeidsplassar er fordelt på eit stort rom (60 m<sup>2</sup>) og to mindre rom (20 m<sup>2</sup>). Arbeidsplassane er tronge og møbleringa av romma gjer at dei verkjer som ennå trongare enn dei er (høge hyllar som skjermar for lys etc.).

Personalrommet består av to rom på til saman ca 60 m<sup>2</sup>. Det største rommet (42 m<sup>2</sup>) er innreia med sofaer, stolar og bord. Kjøkenkroken ligg i det minste rommet.



Bileta viser (f.v.): Forkontoret, lærerarbeidsplassar og personalrommet.

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar ikkje noko eige rom i skulen.

### Reinhald

Det er ein reinhaldssentral (tre rom på til saman 29,4 m<sup>2</sup>) i 1.etg av hovudbygget. I tillegg er det eit stort bøttekott (12 m<sup>2</sup>) i 1.etg, to bøttekott (5-6 m<sup>2</sup>) i 2.etg av hovudbygget og eit bøttekott (4,5 m<sup>2</sup>) i seksjonsbygget.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar eit rom (19 m<sup>2</sup>) i 1.etg av hovudbygget.

### Lager

Skulen har stor mangel på lagerplass og mykje utstyr vert difor lagra i korridorar.

## INVENTAR

Skulen har inventar av varierende standard og utforming.

## 5.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 17 240 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Fasaderehabilitering, kledning, yttertak og innvendige flater.
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg

## 5.6 SKULEN SIN KAPASITET

Skulen har lite spesialisert læringsareal. Ein heilskapeleg vurdering av skulen sine areal tilseier at skulen har kapasitet til å ta imot 160-180 elevar. Skulen vil med dette elevtalet kunne omdisponere klasserom tilbake til spesialrom.

### 5.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid. Klasserom og gymsal er svært mykje brukt utanom skuletida av kulturskulen, klubbar og ulike kursverksemdar.

### 5.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Skulen har ikkje heis, men det finnast rullestolrampar ved alle inngangar. Det er eit HC-toalett i 2.etg av hovudbygget, men dette er berre tilgjengeleg for dei elevane som held til i denne delen av bygget. Det er ikkje lagt spesielt til rette i høve til hørselshemming, synshemming eller andre funksjonshemmingar.

### 5.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er ikkje godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Skulen har ikkje tilfredsstillande inn klima for alle elevar. Nytt godkjenningstilsyn i juni 2009.

### 5.10 SAMLA VURDERING

Knarvik barneskule ber preg av å vere nedsliten.

Skulen er ein klasseromskule og er dårlig tilpassa varierte arbeidsmåtar og ulik storleik på grupper. Kvar gruppe har sitt eige klasserom, men skulen har få grupperom og manglar rom til kunst og handverk, musikk og naturfag. Romtilhøva for mat og helse og kroppsøving er tilfredsstillande.

Skulen har dårlege garderobeløysingar og toalettanlegg, særleg gjeld dette garderobeløysingane for dei yngste elevane. Toaletta i 1.etg av hovudbygget vert utbetra sommaren 2009. Skulen manglar ein del areal til arbeidsplassar for lærarane og arbeidsplassane tronge og rotete. Tilhøva for administrasjonen er brukbare, men det er lytt mellom romma.

## 6 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ KNARVIK UNGDOMSSKULE

Skuletype: Ungdomsskule 8.-10-årssteg  
 Kapasitet: 360 elevar  
 Brutto bygningsareal: 4640 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 13 500 m<sup>2</sup>



### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar \*): 270 elevar  
 Pedagogisk personale: 33 personar  
 30,7 årsverk  
 Andre tilsette : 5 personar  
 (assistentar og kontorpers.) 3,72 årsverk

(\* ) Skulen får frå hausten 2009 alle ungdomsskuleelevane frå Alversund skule. Talet på elevar på skulen vil då verta 310.

### 6.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Knarvik ungdomsskule ligg sentralt i kommunesenteret Knarvik. Skulen mottar elevar frå Alversund skule, Festo skule, Seim skule og Leiknes skule.

### 6.2 BYGNINGAR

Knarvik skule er under utbygging og om bygging. Skulen har ein hovudbygning som består av ein del bygd i 1983, ein del bygd i 1989 og ein del som er under bygging i 2009. I tillegg er det og ein paviljong som skulen nyttar i byggeperioden. Skulen brukar Nordhordlandshallen til kroppsøving.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg	2.etg: 4 baserom, 2 grupperom, språklab/ grupperom, mediatek, gruppeareal/trafikkareal, rom for lærararbeidsplassar og elevtoalett.  1.etg: 8 baserom, 4 grupperom, gruppeareal/trafikkareal, auditorium, amfi/kantine, tekstilforming, skulekjøken, musikkrom, bibliotek, datarom, 3 elevgarderobar, spes.ped.base, administrasjon- og personalareal, reinhaldssentral, skulehelseteneste.  U.etg: Sløydsal, naturfag, lager, tilfluktsareal, tekniske rom.	2784 m <sup>2</sup>	1983 og 1989
Paviljong	4 basar med grupperom, garderobar og toalett, lærararbeidsplassar og personalrom.		


### 6.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen sitt uteareal vert oppgardert i samband med byggeprosjektet. Mellom anna skal det etablerast klatrevegg, amfi, ballbane og "torg" mellom bygningane. Det er eit stort treningsanlegg med friidrettsbane og kunstgrasbane like ved skulen.

Illustrasjonen viser planane for utearealet på Knarvik ungdomsskule:



Flyfotoet gjev ein oversikt over skulen sine bygg og nærområde:



## 6.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**

Etter ombygginga vil skulen har gode basar for fire grupper på kvart årssteg. I tillegg disponerar skulen i byggeperioden ein paviljong med fire basar ved rådhuset.

### **SPECIALISERT LÆRINGSAREAL**

Etter ombygginga vil skulen har gode spesialrom til K&H (tekstil og sløyd), musikk, Mat og helse, naturfag, bibliotek, data, mediatek, samt eit stort amfi med scene/musikkrom bak foldevegg.

### **GARDEROBAR OG TOALETT**

Etter ombygginga vil elevane få gode garderober, ein for kvart årssteg. I garderoberne vil det vere låsbare skåp og toalett. I tillegg vil det vere elevtoalett i 2.etg av bygget.

### **ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL**

Etter ombygginga vil skulen få kontor til rektor, 2 inspektørar, forkontor, samt to møterom. Lærarane sine arbeidsplassar vil vere fordelt på 6 teamkontor i 1.etg og eit i 2.etg. Rådgjevar og sosiallærer vil ha eigne kontor ved dei nye basane.

Personalgarderobe (to garderober med toalett) og personalrom ligg ved administrasjonen.

### **ANDRE FUNKSJONAR/ROM**

#### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar eit rom på 30 m<sup>2</sup> i 1.etg av hovudbygget.

#### Reinhald

Det er ein reinhaldssentral ved administrasjonen.

#### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar ikkje noko eige rom.

#### Lager

Det er nærlager ved alle basane. I tillegg er det lagerplass i u.etg.

### **INVENTAR**

Skulen vil få mykje nytt inventar i samband med byggeprosjektet.

## 6.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

Etter ombygging/utbygging vil skulen vere i god bygningsteknisk tilstand.



#### 6.6 SKULEN SIN KAPASITET

Etter ombygging og utbygging vil skulen ha kapasitet til å ta imot 360 elevar. Dersom skulen kan behalde paviljongen vil kapasiteten vere om lag 450 elevar.

#### 6.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid.

Rom 21-musikk, formingsavdeling, bibliotek/datarom og klasserom vert brukt om kveldane av mellom anna Kulturskulen og friviljuge organisasjonar.

Skulen låner ofte ut rom i helgane til overnatting i samband med idrettshallen og friidrettsanlegget.

#### 6.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Det nye og ombygde anlegget vil vere godt tilrettelagt for alle.

#### 6.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

#### 6.10 SAMLA VURDERING

Etter ombygging og utbygging vil Knarvik ungdomsskule få fine og tenelege areal, både til elevar og vaksne.

## 7 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ LEIKNES SKULE

Skuletype:	Barneskule 1.-7.årssteg
Kapasitet:	80 %: elevar
	100 %: elevar
Brutto bygningsareal:	1964 m <sup>2</sup>
Tomteareal:	ca 11 500 m <sup>2</sup>



### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar:	121 elevar
Talet på barn i SFO:	35 barn
Pedagogisk personale:	15 personar
	11 årsverk
Andre tilsette :	12 personar
(assistentar og kontorpers.)	6,5 årsverk

### 7.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Leiknes skule ligg på Leiknes, om lag 7 km aust for kommunesenteret Knarvik.

### 7.2 BYGNINGAR

Skulen vart bygd i 1958 og består av eit hovudbygg, eit mellombygg med elevtoalett og eit gymnastikkbygg. Hovudbygget fekk eit lite tilbygg i 1997 for å få plass til 6-åringane. Til skulestart 2009/10 får skulen ein paviljong med base for dei lågaste årsstega. I skildringa av skulen er ikkje paviljongen teke med. Skulen står framfor eit byggeprosjekt som skal utvide skulen til ein kapasitet på 190 elevar.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg	2.etg: 4 klasserom, 2 grupperom, 1 møterom/ grupperom.  1.etg: Klasserom/skulekjøken/SFO, administrasjon og personalavdeling.	1484 m <sup>2</sup>	1958  (+ tilbygg på hovudbygg i 1996)
Mellombygg	1.etg: Toalettanlegg og grupperom/utstysrom til gymnastikksalen, leskur.		
Gymnastikkbygg	1.etg: Base/gymsal med scene, 2 gymgarderobar, elevgarderobe.  U.etg: 2 klasserom, 4 lagerrom.		
Paviljong	1.etg: 2 baserom med foldevegg, 2 grupperom, 2 elevgarderobar og toalett, personalareal, 1 kopi/rekvisitarom, 1 nærlager, 2 utebuer.	480 m <sup>2</sup>	2009

### 7.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen sitt uteområde består av ein stor skuleplass og nokre leikeapparat. Uteområdet vert nytta som læringsarena i kroppsøving, naturfag og til uteskule. Uteområdet treng oppgradering og fornying av leikeapparat. Skuleplassen har trong for drenering. Skulen bruker i tillegg skogen bak skulen som uteareal. Dette arealet ligg ikkje på skulen si tomt. Dersom skulen skal ta imot fleire elevar vil det vere trong for eit større og betre tilrettelagt uteområde (utviding av tomt eller avtale

med naboar)

Det er trøng for betre drenering av skuleplassen/fotballbana. I samband med drenering bør den store aktivitetsflata brytast opp og delast opp i soner for ulike (og ikkje minst fleire) aktivitetar. Enkelte av leikeapparata treng oppgradering.



#### 7.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

##### ALLMENT LÆRINGSAREAL



Skulen har til saman 8 klasserom/basar. I hovudbygget er det fire relativt små klasserom (rundt 50 m<sup>2</sup>) i andre etasje. I tillegg er det eit kombinert klasserom/skulekjøken (58 m<sup>2</sup>) i første etasje.

Dei to klasseromma i underetasjen av gymnastikkbygget er ca 50 m<sup>2</sup> og 78 m<sup>2</sup>. Desse romma er lite eigna som baserom, mellom anna på grunn av massive søyler midt i det eine rommet. Det vert mykje støy frå gymsal i etasjen over når den er i bruk som gymsal.



Grunna auka elevtal vert gymsalen (129 m<sup>2</sup>) med scene (23 m<sup>2</sup>) no nytta som base. Det tidlegare apparatrommet til gymsalen er omdisponert til grupperom.

Skulen har to grupperom på ca 9 m<sup>2</sup> og 13 m<sup>2</sup> i andre etasje i tilbygget. Romma er både for få og for små til at dei kan nyttast på ønskeleg vis. Skulen har også eit grupperom/møterom (33 m<sup>2</sup>)

med nokre datamaskiner og fagbibliotek i andre etasje i tilbygget. Delar av trapperom vert og nytta som grupperom/til elevsamtalar. Alt i alt er klasseromma og grupperomma for små og få til å kunne drive undervisning med ulik gruppestorleik og varierte arbeidsmåtar, og det er trong for forbetringar.

I paviljongen vil 1. Og 2.årssteg få gode tilhøve med to baserom med kjøkenkrok og foldevegg mellom, samt to grupperom.

### **SPELISERT LÆRINGSAREAL**



På grunn av auka elevtal har Leiknes skule omdisponert alt spesialisert læringsareal til allment læringsareal. Det einaste skulen har av spesialisert læringsareal er eit kombinert skulekjøken/klasserom/SFO-base (74 m<sup>2</sup>) i 1. etasje i hovudbygget (bildet). Kjøkendelen er nedslite.

Bibliotekfunksjonen er desentralisert til klasseromma. Dette er ei lite tilfredsstillande løysing. Data skal vere eit hjelpemiddel i alle fag, og datamaskiner må då vere tilgjengelege i eller ved dei fleste rom. Romma på skulen er for små til at dette lar seg gjere.

Skulen har ein liten gymnastikksal (129 m<sup>2</sup>) med scene (23 m<sup>2</sup>), garderober og apparatrom i gymnastikkbygget. Gymsalen vert no nytta til base. Gymnastikksalen/basen vert nytta som samlingsrom i samband med tilstellingar.

### **SFO**

Skulen har eit rom som er kombinert skulekjøken/klasserom/SFO-base (74 m<sup>2</sup>) i 1. etasje i hovudbygget. Kombinasjon med SFO og ein av dei to andre funksjonane er vanleg på små skular, men kombinasjon av alle desse tre funksjonane i rom utan faldeveggar er uvanleg når elevtalet vert so høgt som på Leiknes. SFO får betre tilhøve i paviljongen frå hausten 2009.

### **GARDEROBAR OG TOALETT**

Dei eldre elevane, med klasserom i andre etasje i hovudbygget har dårlege garderober (knaggar og benk langs vegg i korridor). I gymsalbygget vart det tilrettelagt med ny inngang og garderobe i samband med omdisponeringa av sløydsalen og gymsalen til baseareal. Toalettanlegget er sentralisert, med inngang frå leskur på utsida av bygget.

Elevane bør få betre garderober med desentraliserte toalett. Eksisterande toalettanlegg bør rivast eller byggast om til andre føremål.

I paviljongen vert det gode garderobe og toaletttilhøve.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL



Arealet for dei vaksne er samla i eine delen av første etasje i hovudbygget.

Skulen sin administrasjon består av einingsleiar og rektor. Administrasjonen disponerer i dag to kontor (17,5 m<sup>2</sup> og 8,5 m<sup>2</sup>). Storleiken på kontora er OK, men det manglar areal til støttefunksjonar (arkiv etc.). Det er eit lite kopirom ved administrasjonen. Biletet viser rektor sitt kontor.

Skulen nyttar det største grupperommet i 2.etg av tilbygget til møterom.

Kontorarbeidsplassane for lærarane er fordelt på to rom på 24 m<sup>2</sup> og 26 m<sup>2</sup>. I tillegg er ein gang/korridor omgjort til eit kontor. Dei enkelte arbeidsplassane er tronge og det samla arealet som er avsett er for lite.

Personalrommet er 44 m<sup>2</sup> ligg i 1.etg av tilbygget frå 1996. Opphavleg var rommet brukt som base for 1.årssteg. Rommet er innreia med sofakrok og tekjoken.

Det er ein personalgarderobe (17 m<sup>2</sup> og HC-toalett ( 6,5 m<sup>2</sup>) ved personalrommet. I tillegg er det to personaltoalett i gangen ved administrasjonen/arbeidsromma.

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelseteneste

Skulehelsetenesta nyttar det minste kontoret i administrasjonen dei dagane dei er på besøk på skulen.

### Reinhald

Det er ein reinhaldsentrall (13 m<sup>2</sup>) og eit bøttekott i første etasje i hovudbygget, og eit bøttekott i andre etasje. Det er og eit bøttekott i første etasje i gymnastikkbygget.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Det finst ikkje noko eige rom for vaktmeister/driftspersonell.

### Lager

Skulen har lite lagerplass. Det finns to lager i underetasjen av gymnastikkbygget, m.a. eit lite bok- og papirlager. Det er og eit lite lager ved administrasjon- og personalarealet.

## INVENTAR

Det meste av skulen sitt inventar ber preg av å vere nedslite. Det bør investerast i nytt inventar ved ombygging/nybygging.

## 7.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

Bygningane er nedslitne både innvendig og utvendig og treng renovering. PCB-utskifting. Det ligg pålegg om brannokumentasjon og brannsikring av bygget. Betongfasaden treng rehabilitering. Det er mykje lause overdekningar over vindauge og rustsprenging.

Leiknes har gamle bygg og ber preg av dette. Teknisk installasjon med omsyn til ventilasjon er ikkje tilfredstillande. Dette gjeld særleg den eldste delen, som heilt manglar ventilasjon. Heile det elektriske anlegget i den gamle delen bør rustast opp, inkludert hovudtavla. Det er gjort enkelte forbetringar med omsyn til varme, men dette er berre til erstatning for defekt utstyr. Nettet for vatn- og avlaup ved skulen er no oppgradert og er svært bra. Når det gjeld vedlikehald og renoveringstiltak, er det installert styresystem for effektregulering.

#### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 14 810 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Fasaderehabilitering, yttertak og innvendige flater.
- VVS: Nytt anlegg, deler berre naturleg ventilasjon.
- Elektro: Hovudtavle og føringsveier.

#### **7.6 SKULEN SIN KAPASITET**

Skulen har pr hausten 2009 kapasitet til å ta imot 120-140 elevar. Men skulen manglar framleis mykje spesialareal.

#### **7.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET**

På dagtid brukar musikkskulen deler av skulens lokalar.

Musikkskulen brukar eit klasserom kvar onsdag ettermiddag og musikklag og songkor brukar klasserom tre gonger for veka.

#### **7.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)**

Skulen er delvis tilrettelagt for personar med rørslehemming. Hovudbygget fekk installert heis i samband med tilbygget for 6-åringane i 1997. Heisen har ikkje ei god plassering. Ein må inn på personalrommet for å nytte heisen frå 1. etasje. I gymnastikkbygget er det trappeheis. Bygningane har ikkje tilrettelegging for elevar eller tilsette med andre funksjonshemmingar.

#### **7.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR**

Skulen er ikkje godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar. Årsak er m.a. ikkje tilfredsstillande inneklimate.

#### **7.10 SAMLA VURDERING**

Generelt ber skulen preg av å vere nedsliten, og har ikkje berre trong for utviding men og stor trong for rehabilitering. Skulen er ein tradisjonell klasseromskule. Romstorleik og -utforming gjev ikkje gode tilhøve for varierte arbeidsmåtar. Det er trong for større rom til større elevgrupper, fleire grupperom og rom til formidling. Arbeidsplassane til lærarane er ikkje tilfredsstillande og areal til fleire spesialiserte funksjonar er og for små. Alt dette er teke omsyn med i det kommande byggeprosjektet, og tilhøva vert betre allereie frå hausten 2009 når paviljongen vert teke i bruk.

## 8 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ LINDÅS BARNESKULE

Skuletype:	Barneskule 1.-7.årssteg
Kapasitet:	80 %: 180 elevar 100 %: 220 elevar
Brutto bygningsareal:	3582 m <sup>2</sup>
Tomteareal:	ca 74 100 m <sup>2</sup>

### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar:	205 elevar
Talet på barn i SFO:	50 barn
Pedagogisk personale:	30 personar årsverk
Andre tilsette : (assistentar og kontorpers.)	5 personar årsverk



### 8.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Lindås skule er den nordlegaste skulen i Lindås kommune-. Inntaksområdet strekk seg frå Hope/Keilen i nord, Vabø og Vågseidet i sør og Risa/Risøyeni i vest. Elevane frå Hope/Keilen kan velje om dei vil gå på Lindås barneskule eller Kaland skule i Austrheim kommune. Elevane frå Vadbu høyrer til Myking skule men ein del velgjer å gå til Lindås barneskule av ulike grunnar. Det same gjeld elevane frå Vågseidet som høyrer til Skodvin skule. Størsteparten av elevane på Lindås barneskule kjem frå områda rundt skulen. Kart med inntaksgrenser vert lagt ved rapporten.

### 8.2 BYGNINGAR

Lindås barneskule består av eit hovudbygg som er bygd i tre etappar, eit gym.bygg og ein frittliggjande paviljong. Det var planlagt å bygge paviljongar i tre byggetrinn, men berre første byggetrinn vart sett opp.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygning	11 klasserom, 7 grupperom, SFO-base, datarom, skulekjøken, sløydsal, bibliotek, administrasjon- og personalareal.	2432 m <sup>2</sup>	1968, 1976 og 1997
Gymbygg	Gymsal med scene, apparatrom, eitt sett garderøbar, kjøken og vestibyle med publikumstolett.	799 m <sup>2</sup>	1976
Paviljong	2 klasserom, 3 grupperom, garderobe, toalett, bøttekott og lager.	351 m <sup>2</sup>	2002

### 8.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen har ein svært stor og fin tomt. Utearealet er variert og godt tilrettelagt for ballspel på ein stor asfaltert/gruslagt plass. I tillegg er det nokre leikeapparat rundt 1968- og 1997-bygget. Det er eit naturprega leikeområde med klatretau på baksida av 1976-bygget, samt "indianarskogen" ved parkeringsplassen. Det er og ein ballbinge og huskar ved gym.bygget. Uteområdet er universelt utforma og har god tilgjenge for alle.


Like ved skulen ligg ein friidrettsbane, som vert nytta i kroppsøvningsundervisninga. Det er og ein grasbane (fotball) i nærleiken. Denne vert ikkje mykje brukt av barneskulen.



Skuleplassen vert lite nytta som læringsareal, men eit nærliggjande naturområde vert nytta mykje. Skulen har fast uteskule for 1.-4.trinn, og SFO har ein faste base ute, utanfor skulen sin tomt.

Det er parkering for dei tilsette nord for skulebygga, og ein rundkøyring/avsettingsplass for elevane som kjem i bil eller buss mellom skulen og idrettsplassen. Det er ikkje nok parkeringsplassar til alle skulen sine tilsette og tryggingssituasjonen på parkeringsplassen er ikkje tilfredsstillande.

Flyfotoet viser skuletomta.





## 8.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

Lindås barneskule er i stor grad ein tradisjonell klasseromsskule, men skulen har nokre areal som er betre lagt til rette for varierte arbeidsmåtar og fleksibel gruppeinndeling.

### ALLMENT LÆRINGSAREAL



Skulen har 11 klasserom i hovudbygget og 2 klasserom i paviljongen frå 2002. Alle klasseromma er ordinære lukka rom. Dei fleste klasseromma er på 60-66 m<sup>2</sup>, men to av klasseromma er større (81 m<sup>2</sup> og 83 m<sup>2</sup>). Det eine av desse var opphavleg musikkrom, og det andre har foldevegg inn mot eit grupperom (biletet).



Skulen har 7 grupperom i hovudbygget og 3 i paviljongen. Grupperomma i paviljongen er gode og eitt av grupperomma har åtgang frå klasserom og garderobe, medan dei andre berre har åtgang frå gang. Hovudbygget har ikkje få grupperom, men problemet ligg i at romma er bundne opp i faste timeplanar med undervisning av enkeltelevar, samt at dei vert nytta til andre føremål enn reint grupperomsareal; Det eine grupperommet er kombinert grupperom og spes.ped.-kontor, eit grupperom i småskuleavdelinga er kombinert grupperom/ verkstad (biletet), eit anna grupperom vert nytta som klasserom, medan det siste grupperommet i småskuleavdelinga er dårleg ventilert, varmt og noko plaga av dårleg lukt frå elevtoaletta som ligg like ved.

Alle grupperomma er lukka rom utan glasfelt/vindaug inn mot klasserom. I hovudbygget er grupperomma rimeleg godt fordelt i bygget, og fleire har åtgang både frå klasserom og frå korridor. Romma er dessutan lange og smale og det er lytt mellom klasserom og grupperom fleire stader. Det er få grupperom som er tilgjengeleg for fleksibel bruk. Dermed går læringsarbeidet for fleirtalet av elevane føre seg innanfor klasserommet sine fire veggar, noko som gjev avgrensa høve for å organisere elevane i grupper av varierende storleik.

### SPECIALISERT LÆRINGSAREAL

Av spesialisert læringsareal har skulen sløydsal, eit kombinert skulekjøken/kunst og handverksrom, datarom, bibliotek og gymsal. Sløydsalen, skulekjøkenet og biblioteket ligg i hovudbygget, medan gymnastikkareala ligg i eitt frittstående bygg.

Sløydsal og skulekjøken ligg vegg-i-vegg sentralt i sørenden av hovudbygget, med korridor og klasserom heile vegen rundt. Det er høgt under taket i begge rom, men takkonstruksjonen gjer at det kjem lite dagslys inn. Sløydsalen er på 81 m<sup>2</sup> og er tradisjonelt innreia med høvelbenkar og skåp til lagring av verktøy og elevarbeid. Det er og eit lite materiallager/forrom mellom sløydsal og korridor.

Bileta under viser sløydsal, skulekjøken/K&H-rom, bibliotek og datarom:




Det kombinerte skulekjøkenet/tekstilformingsrommet er på 90 m<sup>2</sup> og inneheld tre arbeidsplassar med oppvaskbenk og komfyr langs eine langveggen, samt ein demonstrasjonsbenk og komfyr i andre enden av rommet. Det er bord og stolar ved arbeidsplassane. I andre enden av rommet er det lagt til rette for tekstilforming med lagerhyller og bord/stolar. Kjøkenet er svært nedslite og sparsamt møblert. Det er ikkje avtrekk ved komfyrene. Alt i alt er skulekjøkenet svært lite tilfredsstillande. Eit positivt element er at møbleringa i rommet gjer det godt

egna til bruk som grupperom når det ikkje er i bruk som kjøken.

Skulen har etablert datarom i eit grupperom (20 m<sup>2</sup>) ved sida av biblioteket. Her er det 8 PC-ar plassert langs veggen.

Biblioteket er på 42 m<sup>2</sup> og var opphavleg folkebibliotek. Biblioteket er innreia med bokreolar. Det er ikkje lagt til rette for gruppearbeid/stillelesing i sjølve biblioteket. Det er eit lite rom/kontor i tilknytning til biblioteket, samt ein garderobe som no vert nytta til lager.



Gymnastikkanlegget ligg i eit eige bygg i enden av skuleplassen. Gymnastikksalen er på 207 m<sup>2</sup>. I tilknytning til salen er der scene (53 m<sup>2</sup>), apparatrom (26 m<sup>2</sup>), kjøken (7 m<sup>2</sup>), vestibyle med toalett (38 m<sup>2</sup>) og to sett garderober (kvar garderobe på ca 50 m<sup>2</sup>). Gymnastikkanlegget er i hovudsak tilfredsstillande. Skyttarlaget disponerar underetasjen.

Skulen nyttar symjeanlegg på Kaland skule dersom det er ledig kapasitet der. Det er dermed ikkje tilbod om symjeundervisning på skulen kvart år.

## SFO



Skulen fekk tilbygg med base for 1.årssteg og SFO i 1997. Sjølve SFO-basen består av to rom (58 m<sup>2</sup> og 52 m<sup>2</sup>), kor det eine inneheld kjøkenkrok og grupperom/matplass, medan det andre er eit aktivitetsrommet/leikerom. Tilhøva for SFO er svært gode.

Aktivitetsrommet/leikerommet vert nytta som grupperom av 1.-4.årssteg. Dette er eit av dei få romma som er fleksibelt i bruk og kan "bestillast" når ein har trong for det.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL



Administrasjon- og personalareala er samla sentralt i hovudbygget.

Administrasjonen består av kontor for rektor, forkontor, kontor for inspektør og eit lite arkivrom. Rektor sitt kontor (biletet øvst til venstre) er stort (20 m<sup>2</sup>) og inneheld møteromsfasilitetar i tillegg til å vere kontor. Inspektørkontoret er mindre (11 m<sup>2</sup>), men tilfredsstillande. Forkontoret ligg mellom dei to kontora og inneheld resepsjon og arbeidsplass for sekretær.



Personalrommet (biletet i midten) ligg like ved administrasjonen. Sjelve rommet er på 36 m<sup>2</sup> og er lite i høve til talet på tilsette på skulen. Det er eit tekjøken i eine mellomgangen ut mot korridoren. Kjøkenet er mørkt.



Personalet sine arbeidsplassar er fordelt på 5 mindre rom. Arbeidsplassane er ikkje tilfredsstillande mot. plass. Skulen manglar eit samtale/telefonrom. Biletet nede til venstre viser eit av arbeidsromma.

## GARDEROBAR OG TOALETT

### For elevane



Garderobane for elevane ligg i hovudsak i korridorane. Unnataket er garderoben for 1.årssteg og garderoben i paviljongen, der det er egne garderobar med toalett. Dei fleste stader er det lagt til rette med knaggar og skohyller.

Det er desentraliserte toalett i kvar ende av hovudbygget og sånn sett greie tilhøve, men toaletta kan trenge oppussing då dei har 1976-standard. I paviljongen er toaletttilhøva gode.

### For dei vaksne



Det er to garderobar til dei vaksne ved eine inngangen til personalrommet. Kvar garderobe er på 10 m<sup>2</sup> inkl. 2 toalett i kvar. Garderobane ber preg av å vere bygd i 1976 og er ikkje tilfredsstillande i høve til dagens standard. Her manglar det t.d. dusj.

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerer to rom på til saman 20 m<sup>2</sup>.

### Reinhald

Reinhaldarane har eit lager og ein vaskesentral ved administrasjonen, samt at dei disponerar deler av eit teknisk rom/lager ved SFO-basen. I paviljongen er det og ein vaskesentral. I gym.bygget er det eit reinhaldsrom på 8 m<sup>2</sup>.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar ei av utebua til lager for sine ting.

### Lager

Skulen har tre utebuer, samt SFO-utebu i nordenden av bygget. Det eine utebua er eit gammalt toalettanlegg. Til saman er det ca 50 m<sup>2</sup> lagerplass i utebuene.

Inne i hovudbygget er det 4 lager. Eit "datalager" for kasserte datamaskiner på 21 m<sup>2</sup>, eit teknisk rom/lager på 17 m<sup>2</sup>, eit spes.ped.-lager på 10 m<sup>2</sup> og eit læremiddellager på 9 m<sup>2</sup>. Lagra er fordelte rundt i bygget.

## INVENTAR

Skulen har variert standard på inventaret. I dei nyare delane av skulen, i paviljongen og 1997-tilbygget, er inventaret rimeleg nytt og fint. Elles er inventaret noko eldre, men velhalde og i god stand.

## 8.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

### GENERELT

- Anlegget består av tre frittstående bygningar; hovudbygning, gymsal og paviljong. Hovudbygningen er oppført i éin etasje med flatt tak. Gymsalen har éin etasje med delvis utgrave kjellar (tilfluktsrom). Paviljongen er oppført i éin etasje med uinnreia loft.
- Opphavleg del av hovudbygning (1968) vart i 1976 utvida mot søraust. I 1997 vart den eldste delen av hovudbygningen tilbygd mot nordaust. Gymsalen (1976) og paviljongen (2002) er ikkje om- eller tilbygd.
- Hovudbæresystemet i hovudbygningen (byggetrinn 1976) og i gymsalen består av limtrebjelkar med opplegg på anten søyler av tre eller betong. Innarvegger i hovudbygningen er av enten betong eller tegl. Ytterveggar (1976) har anten teglforblending, tre- eller platekledning.
- Paviljongen består av modular i trekonstruksjonar.
- Skulen har 3 ulike brannvarslingsanlegg.

### PAVILJONG GENERELT

- Paviljongen verkar som ny, både inn- og utvendig.
- Ved synfaringa var ventilasjonsanlegget ikkje i drift. Det skuldast truleg driftsmessige forhold.

## UTVENDIG BYGNINGSMESSIG (HOVUDBYGNING OG GYMSAL)

- Teknisk tilstand utvendig varierer.
- Vindauge i byggetrinn 1976 har nådd sin tekniske levetid og må skiftast. Vindauge i byggetrinn 1997 er tilfredsstillende, og i byggetrinn 1968 er vindauge nyleg skifta ut med stålplatebeslåtte trevindauge.
- Dei fleste ytterdørar er fornya, noko usikkerheit ved kvalitet av ruter i glasfelt.
- Det er ein god del vedlikehaldsetterslep på eksponerte trekonstruksjonar (hovudbygning byggetrinn 1976 og gymsal).
- Øydelagde glasruter/hærverk i området rundt gymsalen.
- Original plateledning i gymsal (inneheld asbest) er skada (hærverk) og delvis ikkje skifta.
- Fuktskadar på innsida av yttervegg og innervegger i byggetrinn 1968. Fuktskadar skuldast kapillært sug av vatn/fukt frå bakken.
- Relativt utstrakte, truleg gamle, fuktskadar i himling i tilfluktsrom (2008). Årsaka var ein lekkasje som no er utbetra.
- Berre sporadisk skjerm mot sola over vindauge (berre ved lærararbeidsplassar samt i eitt klasserom).

## INNVENDIG BYGNINGSMESSIG (HOVUDBYGNING)

- Varierende tilstand.
- Tilstand på innvendige overflatar i byggetrinn 1997 og 1968 (nyleg pussa opp) er bra.
- Ein god del slitasjesymptom på golv- og veggoverflater. Rufsete nedfora himling i korridorareal.
- Bortsett frå nokre dørfelt i korridor, er alle dørar originale, slitte og har truleg ikkje tilstrekkeleg lydempande eigenskapar.
- Golvbelegg i fellesareal er stort sett mode for utskifting.

## TEKNISKE INSTALLASJONAR

- Det er trong for nærare synfaring/inspeksjon kva gjeld ventilasjonsanlegga ved skulen for å kunne kome med tilrådingar om tiltak.
- Skulen har fem ventilasjonssystem. Nr. 1, er eit balansert anlegg som betener byggetrinn 1997 i hovudbygningen. Anlegget er plassert på rom "Lager". Nr. 2 er den originale avtrekksventilasjon (ikkje funne/framvist). Nr. 3 er et balansert anlegg, aggregatet ligg på loft over toaletta ved sløydsalen. Aggregatet var ikkje i drift ved synfaringa, men skal nyleg være skifta. Det er ikkje føreteke endringar i kanalnett. Derfor er det tvilsamt om effekten er tilfredsstillende. Det er og uklart kva rom dette systemet betener. Nr. 4 betener gymsalen. Anlegget er originalt/utgått på dato og neppe tilstrekkeleg. Det er usikkert om det er avtrekk frå sjølve gymsalen. Nr. 5 gjeld paviljongen (balansert anlegg som står på loftet). Anlegget er nytt, og det må kunne leggjast til grunn at det fungerer slik som det skal.
- Det er framført klagar på at det er for varmt i romma om sommaren (hovudbygning). Romtemperatur vart ikkje målt ved vår synfaring, men den var utan tvil for høg då vi var til stades.
- I gymsalen er det ofte for kaldt.
- El-anlegg: Hovudtavle er originalt, noko utvida. Det har vore problem med det elektriske anlegget ved skulen. Feilkjelda er truleg ikkje funne. Det er oppgjeve god reservekapasitet på anlegget.
- Det er dårleg belysningsnivå i korridor i hovudbygningen.
- Skulen har elektrisk oppvarming gjennom panelomnar. Omnar er bytta ut, og anlegget vert styrt gjennom SD-anlegg. Det er ustabile temperaturforhold ved temperaturskifte ute.

## MOGLEGE OM- OG TILBYGNINGAR

- Ombyggingar kan truleg berre være aktuelt i hovudbygningen.

- Korridorveggane er bærande. Dette gjeld generelt, og i delen som ligger lengst mot sør (veggane rundt aktivitetsromma er utført i plasstøpt betong). Dei fleste skiljeveggar mellom klasse-/grupperom kan fjernast eller opnast i ønska grad utan at dette medfører større utfordringar/kostnader.
- Påbygging er neppe aktuelt der det er hovudbæresystem av limtrebjelkar i tak.
- Dersom skulen treng meir areal, vil det enklaste være å bygge fleire paviljongmodular til paviljongen. Løysninga er vist på éin av teikningane vi har fått (Nr. 309-01).

#### **VEDLIKEHALDSBEHOV NESTE 5 ÅR:**

- Kostnad: 22 830 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Vindauge, utvendig overflatebehandling, kledning og innvendige flater.
- VVS: Nye ventilasjonskanalar. Aggregat frå 2006 med kapasitet til hele bygget.
- Elektro: Høge oppvarmingskostnader, takkonstruksjon.

#### **8.6 SKULEN SIN KAPASITET**

Skulen opplever å ha mangel på grupperom og spesialisert læringsareal. Berekningar viser at i høve til bruttoareal pr elev (ekskl. idrettsareal), har skulen i 2007/08 greitt med areal (12,7 m<sup>2</sup>/elev), og i 2008/2009 blir tilhøva endå betre (13,1 m<sup>2</sup>/elev). Til samanlikning er arealnorma for ein skule med rundt 200 elevar i Bergen kommune 13,7 m<sup>2</sup>/elev, og ein skule med 400 elevar 11,5 m<sup>2</sup>/elev.

Dersom ein analyserar med omsyn til type areal, har skulen ein berekna kapasitet i læringsareala til ca 180-200 elevar (ved 80-90 % kapasitetsutnytting). Eitt av klasseromma bør då omgjerst til spesialisert læringsareal/fleirbruksrom.

Skulen har alt for få lærararbeidsplassar. Skulen kan tilby 3,4 m<sup>2</sup>/arbeidsplass, medan norma for nye skular ligg på 6 m<sup>2</sup>/arbeidsplass.

#### **8.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET**

På dagtid nyttar Kulturskulen eitt klasserom frå 12.40 på onsdagar (skuledagen er slutt 12.35).

På ettermiddags- og kveldstid nyttar idrettslaget gym.bygget alle kvardagar frå 17.00-22.00. Skulekorpset nyttar tre klasserom to dagar i veka frå 16.00-19.00 eller 14.30-20.00, og musikkskulen nyttar eitt klasserom frå skuleslutt til 20.00 ein dag i veka. Skyttarlaget disponerar underetasjen i gym.bygget. Desse areala vert ikkje nytta til andre formål.

Elles tilfeldige utlån til møter på kveldstid og helgeutlån.

#### **8.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)**

Alle bygg er på eitt plan, og er i utgangspunktet greitt tilgjengeleg for alle, men det er ein del dørstokkar og tunge dørar som gjer det vanskeleg for rørslehemma born og vaksne å komme seg fram på eiga hand. Det er ikkje elektriske døropnarar på hovudinngangsdør. Det er greie lystilhøve i alle bygg. Lydforholda er gode i ein del rom, men ikkje i alle. Det er HC-toalett i alle tre bygg, men HC-toaletta i hovudbygget kan vere vanskeleg tilgjengeleg grunna smal dør inn til mellomgang med toalett.

#### **8.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR**

Skulen er ikkje godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

### 8.10 HOVUDPROBLEMSTILLINGAR SLIK SKULEN SER DET

1. Det er for lite areal og for dårlege tilhøve for lærarane i høve til arbeidsplassar, møterom og anna personalareal.
2. Skulen manglar mange spesialrom:
  - Kunst og handverksavdeling (med unnatak av sløydsal)
  - Naturfagrom
  - Musikkrom
  - Allrom/samlingsrom
  - Ordentleg skulekjøken.
3. Skulen manglar grupperom. Romma bør helst vere i nær kontakt med klasserom (glasfelt/glas-/skyvedør etc.).
4. Mange av elevtoaletta er ikkje tilfredsstillande og ikkje lagt til rette for alderssteget (t.d. småskulen).
5. Det manglar solkjerming i nokre rom som treng det.

### 8.11 SAMLA VURDERING

Lindås skule har greitt med areal i høve til elevtalet.

Skulen er ein tradisjonell klasseromsskule med lange korridorar og for få egna grupperom. Mykje av læringsarbeidet går derfor føre seg i faste grupper i klasseromma. Standaren på klasseromma er stort sett grei, men strukturen i bygget gjer at skulen er lite egna for fleksibel organisering av elevane og varierte arbeidsmåtar.

Skulen manglar gode tilhøve for spesialisert læringsareal. Sløydsalen er unnataket. Denne er stor og stort sett tilfredsstillande, men kunne gjerne ha vore mindre. Skulekjøkenet/handarbeidsrommet er svært lite tilfredsstillande. Innreiinga i skulekjøkendelen er nedslite og det er ikkje lagt til rette med avtrekk ved komfyrane. Når rommet ikkje er lagt til rette som skulekjøken, er det heller ikkje godt egna som handarbeidsrom. Ein kan ikkje nytte rommet til begge aktivitetar på same tid. Gymsalen og garderobane er tilfredsstillande i høve til behovet for areal og funksjonar. Skulen manglar musikkrom og naturfagrom.

Samla vurdering av Lindås barneskule i høve til kor godt egna skulen er som læringsstad: Lindås barneskule har lite høve til å dele elevane inn i ulike grupper og det meste av læringsarbeidet må sånn sett gå føre seg innfor klasseromma sine fire veggjar. Skulen har greitt med areal og bør kunne bli betre egna i høve til dagens krav til moderne skuleanlegg utan store endringar i bygget.

Skulen har eit stort og fint uteområde, som både kan og bør utviklast vidare.

## 9 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ LINDÅS UNGDOMSSKULE

Skuletype: Ungdomsskule 8.-10.årssteg  
 Kapasitet: 140-160 elevar  
 Brutto bygningsareal: 3403 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 12 200 m<sup>2</sup>



### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 156 elevar  
 Pedagogisk personale: 23 personar  
 18,6 årsverk  
 Andre tilsette : 4 personar  
 (assistentar og kontorpers.) ? årsverk

### 9.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Lindås ungdomsskule mottar elevar frå Lindås barneskule, Myking skule og Skodvin skule.

### 9.2 BYGNINGAR

Skulen består av eit samanhengande hovudbygg som er bygd på i fleire omgangar.

Bygningsdel	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg: Klasseromsfløy	3.etg: 5 klasserom 2.etg: 2 klasserom, 2 grupperom, Mediatek/ bibliotek/data. 1.etg: Ikkje utgrave	2926 m <sup>2</sup>	1957
Hovudbygg: Kontorfløy	Loft: 5 kontor med lærararbeidsplassar, ventilasjonsrom. 3.etg: Administrasjon- og personalareal, lager, reinhaldsrom 2.etg: musikkrom, kroppsovingsgarderober, HC- WC. 1.etg: Ikkje utgrave		1986
Hovudbygg: Gymnastikk og formingsfløy	Loft: Rekvisitalager 3.etg: Datarom, 3 grupperom. 2.etg: Gymsal, med apparatrom, klasserom (tidlegare handverksrom). 1.etg: K&H-avdeling (sløyd og teikning), vaktmeisterrom. U.etg: Styrketreningsrom, lager, fyrrom.		1951/1957
Heimkunnskaps og naturfagsbygg	1.etg: Avdeling for mat og helse (skulekjøken), naturfagsrom med førebuing, rom for skulehelsetenesta. U.etg: Elevkantine, reiskapsbu	477 m <sup>2</sup>	1991




### 9.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen har eit stort og fint uteområde, som strekker seg rundt heile hovudbygget. Uteområdet er lagt til rette for aktivitet med fotballbane/grusbane, volleyballbane, basketballbane, asfaltplass med leskur og bordtennis. I tillegg er det eit amfi, ein stor grasbakke og sittegrupper. Sentralt på uteområdet framfor skulen er det eit stort eiketre.

Uteområdet vert hovudsakeleg nytta som pauseareal. Amfiet vert nytta til samlingar av heile eller deler av skulen.

Utanfor eige tomt, vert friidrettsbana ved barneskulen nytta i kroppsoving, og elles vert naturen i området nytta etter behov.

Det er parkering for dei tilsette på grusplass bak hovudbygget. Parkeringsplassen kunne med fordel ha vorte flytta lengre vekk frå elevane sine uteareal. Elever som kjem med buss vert satt av på avsetningsplassen ved barneskulen. Det er kort avstand derfrå til ungdomsskulen.



*Bileta viser (f.v.): Steinbelagt uteplass med leskur og bordtennis, grusbana og amfiet (med volleyball- og basketballbana i bakkant).*

### 9.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

#### ALLMENT LÆRINGSAREAL



Skulen har til saman 8 ordinære klasserom (inkl det tidlegare tekstilformingsrommet på 85 m<sup>2</sup>), dei fleste på ca 52 m<sup>2</sup>, men eit er noko større (70 m<sup>2</sup>).

Skulen har to små grupperom (10 m<sup>2</sup> og 19 m<sup>2</sup>) som ligg ved ein liten gang i enden av 2.etg i klasseromsfløya og tre små grupperom i 3.etg av gymnastikk og formingsfløya. Grupperomma er lite tilgjengelig frå klasseromma.

## SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulen har eige spesialrom til følgjande funksjonar: Mediatek/bibliotek/data, musikk, K&H, mat og helse, naturfag og kroppsøving.

Mediatek-/bibliotek-/datarommet (86 m<sup>2</sup>) ligger i 2.etg av klasseromsfløya. Rommet er stor og innreia med bibliotekhyller, PC-arbeidsplassar (database 1) og bord for undervisning. I tillegg til dette rommet har skulen eit eige datarom i 3.etg av gymnastikk og formingsfløya med 14-15 PC-arbeidsplassar (database 3), samt ein samling på 16 PC-arbeidsplassar i det store klasserommet i 2.etg av klasseromsfløya (database 2). Skulen har og berbare datamaskinar.

Musikkrommet (89 m<sup>2</sup>) ligg i 1.etg av kontorfløya. Rommet er stort og innreia med musikkinstrument og korbenker i eine enden og tavle og bord for teoretisk undervisning i andre enden. Det er ikkje øvingsrom i tilknytning til musikkrommet, men tilhøva er likevel gode.



*Bileta viser (f.v.): Mediatek/bibliotek/datarom, klasserommet med 16 PC-ar (database 2) og musikkrom.*

Areal til kunst og handverk består av ein stor sløydsal og eit mindre teikne-/male-/handarbeidsrom. Romma ligg i 1.etg av gymnastikk og formingsfløya og det er ei låg dør mellom dei. Sløydsalen (ca 110 m<sup>2</sup>) inneheld sløydbenkar, skåp og hyller til lagring av verktøy og utstyr, maskinar etc. Rommet er sonedelt slik at sløydbenkane og verktøy ligg i eine delen og ulike typar maskinar er i andre delen. Det er avsug ved maskinane/sagene. Dei store maskinane/sagene burde ha vore i eit eige rom. I tilknytning til sløydsalen er det eit materiallager, eit lager for elevarbeidar, eit lakk/malerom og rom for keramikkomn (til saman 40 m<sup>2</sup>).

Rom for teikning/måling/tekstil er ca 68 m<sup>2</sup>. Rommet er innreia med tavle og pultar i eine delen, og eit større arbeidsbord i den andre delen. Det er kjøkenbenk og vaskerenne i rommet. Innanfor dette rommet er det ei lita avdeling som tidlegare vart nytta til foto- og mørkerom (15 m<sup>2</sup>). Romma er ikkje i bruk i dag. Tilhøva for K&H er gode, sjølv om skulen har omdisponert handarbeidsrommet til klasserom.

Skulekjøkenet ligg i det frittliggjande bygget frå 1991. Rommet er stort og fint, tradisjonelt innreia med fire arbeidsstasjonar med matbord og demonstrasjonsbenk og tavle. I tilknytning til skulekjøkenet er det eit lite rom for vask/husstell og eit matlager med kjølebu. Tilhøva for undervisning i Mat og helse er svært gode.



*Bileta viser (f.v.): Sløydsal, teikne-/male-/tekstilformingsrom og skulekjøkenet.*

Naturfagrommet ligg og i bygget frå 1991. Rommet er stor og fint, innreia med forsøksstasjonar med vask langs vindaugsrekka og langbord og stolar plassert i bue framfor ein demonstrasjonsbenk. Rommet er utstyrt med skåp med avtrekk for forsøk, og framvisar. I tilknytning til naturfagrommet er det eit rom for førebuing og lagring av kjemikaliar. Tilhøva for naturfagsundervisning er svært gode.

Gymsalen er på ca 140 m<sup>2</sup> og utstyrt med ribbevegg, bom, tau og ei scene som kan senkast ned. Det er eit apparatrom i tilknytning til salen, samt to elevgarderobar (begge på ca 50 m<sup>2</sup>) og to lærargarderobar (ca 4,5 m<sup>2</sup> som ligg i 2.etg av kontorfløya). I tillegg har skulen eit styrketreningsrom i u.etg av fløya. Sjølve gymsalen er litt liten i høve til aldersgruppa på skulen. Garderobane har grei standard, men det vil etterkvart verte trong for oppgradering av overflatar. Dette gjeld også gymsalen. Gymsalen vert og brukt som samlingsrom for skulen. Dette fungerer den godt til.



Bileta viser (f.v.): Naturfagrom, gymsal og gymgarderobe.

## GARDEROBAR OG TOALETT



Garderobane til elevane består av knagg i korridor. På ein ungdomsskule bør elevane ha låsbare skåp i garderoben.

I hovudbygget består toaletttilhøva av eit sentralt toalettanlegg med åtgang utanfrå, som ligg i 1.etg av gymnastikk og formingsfløya. Toaletta har grei standard, men ligg langt frå ein del av klasseromma. I heimkunnskaps og naturfagsbygget er det to toalett med åtgang utanfrå. Også desse har grei standard.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Administrasjon- og personalareala er samla i 3.etg og på loftet i kontorfløya.

Lærarane sine arbeidsplassar er fordelt på fem kontor (eitt på 24 m<sup>2</sup>, to på 17 m<sup>2</sup>, og to på 14 m<sup>2</sup>) som ligg på loftet. Det er ein smal og bratt vindeltrapp opp frå administrasjonsareala, og heisen går ikkje til denne etasjen. Arbeidsplassane er noko tronge og det er mykje støy frå ventilasjonsanlegget som ligg i same etasje. Kontora har skråtak med takvindaug, noko som gjer at bruksarealet er mindre enn golvarealet. Dei kontora som vender mot vest vert svært varme på dagar med sol. Rådgjevar har eige kontor ved administrasjonen.



Bileta viser (f.v.): Kontor med lærararbeidsplassar, kopi/produksjon/lager og personalrom med tekjøken.

Personalrommet er stort og vestvendt, med fin utsikt. Rommet er innreia med sofaer, stolar og bord. Rommet er stort nok til å romme heile personalet. Det er og eit tekjøken i personalrommet.

Ved sida av personalrommet er det eit kopi/produksjon(lagerrom, eit lite lærarbibliotek og eit boklager. Romma har grei plassering i høve til administrasjon og lærararbeidsplassar.

Administrasjonen består av kontor for rektor, kontor for inspektør og forkontor. Arkivet er plassert på forkontoret. Det er og eit møterom ved administrasjonen. Tilhøva for administrasjonen er tilfredsstillande.

## **ANDRE FUNKSJONAR/ROM**

### Kantine



Skulen har ein elevstyrt kantine i u.etg av heimkunnskaps og naturfagsbygget. Kantina består av eit stort rom med bord og stolar, samt ein disk og kjøkenkrok.

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar eit eige kontor ved skulekjøkenet. Det er ikkje sambruk på rommet.

### Reinhald

Det er bøttekott i kvar etasje i hovudbygget, med unntak av u.etg og loft. I tillegg er det eit vaskerom i 3.etg av kontorfløya, plassert like ved heisen.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar eit rom i 1.etg av gymnastikk og formingsfløya.

### Lager

Skulen har nokre nærlager ved administrasjonen. Elles er det ikkje mange nærlager i hovudbygget. Det er mykje fjernlagerplass på loft og eit lager i u.etg.

I heimkunnskaps- og naturfagsbygget er det nok nærlagerplass til dei to funksjonane.

## **INVENTAR**

Skulen har ein del forskjellig inventar av ulik standard og utforming.

### **9.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND**

#### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 27 990 000,- kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Fasaderehabilitering, yttertak, vindauge og innvendige flater.

- VVS: Nye ventilasjonskanalar. Utdatert radiatorsystem med dårlig kapasitet.
- Elektro: Føringsveier og tavler.

#### 9.6 SKULEN SIN KAPASITET

Skulen har mykje areal, nok klasserom og spesialrom, men manglar grupperom. Kapasiteten til skulen er vurdert til å vere 140-160 elevar.

#### 9.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid.

På kveldstid nyttar kulturskulen og songkor klasserom og musikkrom, og idrettslag og frivillige organisasjonar nyttar gymsalen.

#### 9.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Det er heis i hovudbygget og store delar av hovudbygget er tilgjengeleg for rørslehemma. Eldste delen av hovudbygget er ikkje tilgjengeleg og heller ikkje kontora til lærarane. Elles er ikkje skulen spesielt lagt til rette for andre funksjonshemmingar.

#### 9.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

#### 9.10 SAMLA VURDERING

Lindås ungdomsskule er ein tradisjonell klasseromskule med mange klasserom og spesialrom, men få grupperom. Den er dermed lite egna i høve til å variere storleiken på gruppene/flekibel organisering av elevane. Det eldste bygget er uoversiktleg og til dels lite tilgjengeleg. Naturfag- og skulekjøkenbygget har svært god standard.

Uteområdet er stort og godt tilrettelagt i høve til aldersgruppa.

## 10 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ MYKING SKULE

Skuletype: Tredelt barneskule 1.-7.årssteg  
 Kapasitet: 80-100 elevar  
 Brutto bygningsareal: 1543 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 6100 m<sup>2</sup>

### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 56 elevar  
 Talet på barn i SFO: 15 barn  
 Pedagogisk personale: 8 personar  
 6,3 årsverk  
 Andre tilsette : 3 personar  
 (assistentar og kontorpers.) 1,44 årsverk



### 10.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Myking skule ligger nordaust i Lindås kommune. 31 av dei 56 elevane på skulen har rett på skuleskyss pga. avstand.

### 10.2 BYGNINGAR

Myking skule består av to frittstående bygg: hovudbygget i mur frå 1981 og gamleskulen i tre frå 19??.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg	1.etg: 3 klasserom, elevtoalett, administrasjon- og personalareal.  U.etg: 1 klasserom, 1 klasserom/skulekjøken, elevtoalett, gymsal med garderobar og scene, lager, vaskerom, teknisk rom og lager i tilfluksareal,	1212	1981
Gamleskulen	2.etg/loft: Kontor SFO, toalett, lagerrom.  1.etg: 2 klasserom/SFO, 1 grupperom, 1 leikerom, 1 leikerom/garderobe, kjøken SFO, garderobe, 1 HC-toalett, kontor for lærararbeidsplassar.  U.etg: 2 K&H-rom (sløydsal og maskin-/materialrom).	331	Gammalt bygg - rehabilitert i 1996

### 10.3 TOMT OG UTEOMRÅDE



Skulen sitt uteområde består av ein stor asfaltplass for ballspel (fotball, handball, basketball, smashball etc.) og nokre leikeapparat (husker, dumpe, klatrestativ, leikehytte, sklie), sandkasse og benkar/bord. Det går ein smal sti av asfalt rundt hovudbygget og bort til nedsida av gamleskolen. Uteområdet er ikkje veldig stort, men det er delt i ulike soner rundt gamleskolen for dei yngste elevane og den store skuleplassen for dei eldre elevane. I tillegg nyttast naturtomt ovanfor skuleplassen til leik. Det er trong for vedlikehald av deler av uteområdet.

Uteområdet nyttast i hovudsak som pauseareal, men også ti lein viss grad i

kroppsøving og som uteklasserom.

Utanfor eige tomt nyttar skulen nærområdet til uteskule. Då er barna på ulike oppdrag og ekspedisjonar i samband med undervisningsopplegg og til fri leik, ski, skøyter, bading, trim og opplevingar. Skulen nyttar og ein ballbinge og leikeområda rundt denne ofte (minst ein gong i veka i den varme årstida.

Det er parkering for dei tilsette ved hovudvegen, avskilt frå barna sine leikeområde. Busstoppet ligg og ved parkeringsplassen, men er ikkje avskilt med fortau eller tydeleg busslomme. Det går ein gangveg frå hovudvegen og inn på skuleplassen. Langs denne er det og sykkelparkering.



*Bileta viser (f.v.): Vegen inn til skuleplassen med sykkelparkering, sklie, leikehytte og klatrestativ, og sitteplassane utanfor hovudbygget, med basketballstativ i bakgrunnen.*

### 10.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

#### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**

Skulen har fire ordinære klasserom og eitt kombinert klasserom/skulekjøken/tekstilforming i hovudbygget. Dei tre klasseromma i 1.etg av hovudbygget er alle på 60 m<sup>2</sup>. Romma er variert innreia med ulike typer arbeidsplasser for elevane (ordinære pultar, "lesesalsplassar", PC-arbeidsplassar etc.). Det kombinerte klasserommet/skulekjøkenet/tekstilformingsrommet i u.etg. (91 m<sup>2</sup>) er innreia med kjøkeninstallasjonar langs to vegger, PC-arbeidsplassar langs vindaugsrekka og lesealspultar og ordinære pultar på golvarealet. Klasserommet i u.etg. er på 115 m<sup>2</sup> og variert innreia, slik som dei andre klasseromma. Alle klasseromma i hovudbygget er tilfredsstillande med omsyn til areal og innreing.

I gamleskulen er det to kombinerte klasserom/SFO-base til dei to lågaste årsstega. Det eine klasserommet (37 m<sup>2</sup>) er tradisjonelt innreia med pultar og stolar, og PC-arbeidsplassar langs eine vindaugsrekka. Det andre klasserommet er innreia med langbord og samlingsplass. Det er open løysing inn til kjøkenet (SFO). Rommet er delt inn i sonar ved hjelp av hyller for lagring av formingsmateriell etc. I gamleskulen er det og lagt til rette for lek (SFO), mellom anna med eit leikerom (7 m<sup>2</sup>) og eit leikerom/klasserom/garderobe (13 m<sup>2</sup>).

Skulen har ingen reine grupperom i hovudbygget, og eitt grupperom i gamleskulen. Men fleire rom har multifunksjonsstatus og vert nytta etter behov. I hovudbygget nyttar skulen personalrom, skulesekretær sitt kontor, ledige klasserom og nedre del av trapperommet mellom etasjane som grupperom ved behov. I tillegg nyttast trafikkareal til gruppeareal. Sidan skulen er 4-delt for tida, har den 4 klassar og 7 klasserom. Då er 3 klasserom også ledig for grupper (fungerer som grupperom).

Romsituasjonen på Myking skule er tilfredsstillande.



*Bileta viser (f.v.): Klasserom i 1.etg av hovudbygg, kombinert klasserom/skulekjøken/tekstilformingsrom, og samlingskroken i det eine klasserommet i lærarbustaden.*

### **SPECIALISERT LÆRINGSAREAL**

Gymsalen og sløydsalen er dei einaste reine spesialromma skulen har. Andre funksjonar som tekstil- og teikneforming, mat og helse, musikk, naturfag, bibliotek, data er desentralisert til klasseromma. Det er lagt til rette for mat og helse og tekstilforming i det kombinerte skulekjøkenet/tekstilforming/klasserommet. Alle klasserom er godt utstyrt med PC-arbeidsplassar. Skulen har ikkje eige skulebibliotek, men fordeler skulebiblioteket på klasseromsbibliotek og bibliotek med støttelitteratur og handbøker/oppslagsverk i fellesareal.

Gymsalen ligger i u.etg av hovudbygget og er på 114 m<sup>2</sup>. Salen er utstyrt med ribbevegg, bom, tau og basketballstativ. I tilknytning til salen er det eit apparatrom (26 m<sup>2</sup>), to like elevgarderobar (15 m<sup>2</sup> + 9,5 m<sup>2</sup>) og lærargarderobe. Salen er ganske mørk, med nålefilt på innervegg. Skulen opplever dette som ein fordel i høve til å bruke salen som samlingsrom. Garderobane er litt små, men har grei standard. Både gymsal og garderobar er bygd i solide materialar, men bærer preg av at dei er snart 30 år gamle i fargeval og overflater.

Sløydsalen ligger i u.etg av gamleskulen og består av to rom og ein gang. Sløydsalen er ca 35 m<sup>2</sup> og innreia med sløydbenkar, arbeidsbord og benk langs vindaugsrekka. Lagring av verktøy på vegg og i skåp i gangen. Material- og maskinrommet er om lag like stort som sløydsalen. Areala for sløyd er tilfredsstillande.



*Bileta viser (f.v.): Gymsal, elevgarderobe og sløydsal.*



**SFO**

SFO har sambruk med areala til 1. og 2.årssteg i gamleskulen. Det er gode tilhøve, med eige kjøken, to klasserom, grupperom og to leikerom.

**GARDEROBAR OG TOALETT**

Garderobane for elevane ligg i korridor og består av benk, hyller og knaggar. Alle elevane har eigen garderobeplass.

**ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL**

Administrasjons og personalarealet ligger i 1.etg av hovudbygget.

Lærarane sine arbeidsplassar ligg i eit smalt rom på 21 m<sup>2</sup>. Arbeidsplassane er tronge. I tillegg er det to arbeidsplassar på eit kontor (8 m<sup>2</sup>) i gamleskulen. Også desse plassane er noko tronge. Kopi- og materialrom ligg mot korridor i 1.etg av hovudbygget.

Personalrommet er 30 m<sup>2</sup> og innreia med sofa, stolar og bord, samt ein disponibel PC-arbeidsplass. Det er eit lite tekjøken langs eine veggen. Rommet har vindague mot skuleplassen. Personalrommet er tilfredsstillande i høve til talet på tilsette. Personalgarderoben består av ein liten gang/trafikkareal og to toalett ved personalrommet. Sjølve garderoben er trong og lite tilrettelagt. Toaletta har grei standard.

Skulen sin administrasjon består av rektor og sekretær. Desse har kvart sitt kontor på 14 m<sup>2</sup> og 12 m<sup>2</sup>. Kontora er tilfredsstillande. SFO-leiar har sin arbeidsplass på eit kontor på loftet av gamleskulen. Det er ikkje rømningsveg frå loftet og tilhøva er soleis ikkje tilfredsstillande, men sjølve kontoret er lyst og triveleg.



*Bileta viser (f.v.): Personalrommet, material/kopirom og SFO-leiar sitt kontor.*

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerer ikkje noko eige rom på skulen.

### Reinhold

Det er eit vaskerom i u.etg av hovudbygget og eit bøttekott/reinholdslager i 1.etg av hovudbygget. I gamleskulen er det ikkje bøttekott.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Skulen har vaktmeisterkontor ved sida av SFO-leiar sitt kontor i 2 høgda på gamleskulen og materiallager i underetasjen i hovudbygget. Kontoret er ikkje i bruk sidan kommunen har avvikla den faste vaktmeisterordninga og har ambulerande vaktmeisterteneste.

### Lager

Skulen har nærlager i kopi-/materiallrommet (10,5 m<sup>2</sup>) i 1.etg av hovudbygget og i eit lagerrom i u.etg (ca 10 m<sup>2</sup>). Elles nyttast tilflukstrommet (43 m<sup>2</sup>) som fjernlager.

## INVENTAR

Skulen har mykje forskjellig inventar av ulik standard og utforming i dei fleste klasserom. Dette gjev eit noko rotete inntrykk.

### 10.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

#### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 11 010 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Vindauge, kledning, vedlikehald og innvendige flater
- VVS: Nytt ventilasjonsanlegg
- Elektro: Mindre oppgradering.

### 10.6 SKULEN SIN KAPASITET

Skulen har store klasserom, men manglar grupperom og noko spesialareal. Kapasiteten er samla sett vurdert til 80-100 elevar.

### 10.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid. På kveldstid vert gymsal og klasserom leigd ut trimgrupper, ulike fritidsaktivitetar for born, hobbygrupper, kor, møte i lag og organisasjonar m.v. Skulen har utleige nesten kvar kvardag i skuleåret og ofte og i helg.

### 10.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Det er ikkje heis i skuleanlegget. Det er mogeleg å komme til i alle etasjar ved å bevege seg rundt bygget. 1.etg av gamleskulen er greitt lagt til rette for bevegelseshemma med HC-WC, rampe og låge dørstokkar. Elles er ikkje skulen spesielt lagt til rette for andre funksjonshemmingar,

10.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

10.10 SAMLA VURDERING

Myking skule har greie og tenelege lokalar for den verksemda som går føre seg i anlegget og har god plass til det elevtalet skulen har i dag. Uteområdet er ikkje veldig stort, men det er greitt lagt til rette for ulike aktivitetar og spreing av elevmassen.

## 11 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ OSTEREIDET BARNESKULE

Skuletype: Barneskule 1.-7.årssteg  
150-170 elevar  
Brutto bygningsareal: 2148 m<sup>2</sup>  
Tomteareal bsk og usk: ca 37 300 m<sup>2</sup>

### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 134 elevar  
Talet på barn i SFO: 30 barn  
Pedagogisk personale: 14 personar  
12,5 årsverk  
Andre tilsette : 8 personar  
(assistentar og kontorpers.) 5,5 årsverk



### 11.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

### 11.2 BYGNINGAR

Skulen var ny i 2004 og består av eit bygg i to etasjar. SFO held til i eit brakkebygg ved sida hovudbygget. Skulen låner spesialrom til heimkunnskap, sløydforming og kroppsøving på Ostereidet ungdomsskule.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg	1.etg: 7 klassebasar, 6 grupperom, 4 garderober med toalett, bibliotek/ K&H, aktivitetsrom/samlingsrom, møterom/ skulehelseteneste, 3 lagerrom, reinhaldsrom, vaktmeisterkontor, tekniske rom.  2.etg: Administrasjon og personalareal.	1850 m <sup>2</sup>	2004/2005
SFO-bygg	SFO og kulturskule	298 m <sup>2</sup>	

### 11.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen sitt uteområde består av ein stor asfaltplass rundt hovudbygget, ein ballbane på nedsida av SFO-bygget, ein volleyballbane og naturtomt ovanfor hovudbygget. Uteområdet framfor skulen er fint lagt til rette for ulike aktivitetar med leikeapparat (husker, klatrestativ, sykklar etc.), sandkasse, asfaltplass rundt bygget og sitteplassar/benkar. Uteområdet er i nokon grad tilrettelagt for alle (universelt utforma). Uteområdet vert ikkje nytta som læringsareal, då skulen har uteskule utanfor skulen sin eigedom. Skulen har eit ønske om tilrettelegging for ulike ballaktivitetar og rydding, drenering og opparbeiding av gangstiar i skulen sitt eige uteområde.



Flyfotoet gjev ein oversikt over barneskulen og ungdomsskulen sine bygningar og uteområde:



#### 11.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

##### ALLMENT LÆRINGSAREAL

Skulen har tre undervisningsbasar med foldevegg som kan delast til seks ordinære klasserom. I tillegg er det ei litt større base for 1.årssteg (85 m<sup>2</sup>) som ikkje har foldevegg. Når dei doble basane er delt er 5 av romma på 64 m<sup>2</sup>, medan eitt er på 72 m<sup>2</sup>. Det er grupperom på 10-14 m<sup>2</sup> i tilknytning til alle baseromma. Fleire av grupperomma har og åtgang frå bibliotek og aktivitetsrom. Det allmenne læringsarealet er svært tilfredsstillande. I tillegg nyttast SFO-basen som avlastningslokalar/grupperom på årssteg med store grupper.



Bileta viser (f.v.): basen for 1.årssteg og to undervisningsbasar.

## SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulen har to store fellesrom: bibliotek (179 m<sup>2</sup>) og aktivitetsrom/aula (156 m<sup>2</sup>). Disse romma vert nytta til fellessamlingar og ulike grupperingar og aktivitetar. Den eine delen enden av biblioteket er lagt til rette for teikne- og tekstilforming. Det er scene og kjøkenkrok i aktivitetsrommet/ aulaen.

I heimkunnskap og sløydforming brukar skulen spesialrom på Ostereidet Ungdomsskule, og dei delar og gymsal og symjehall med denne skulen.



*Bileta viser (f.v.): Aktivitetsrommet/samlingsrommet med scene, kjøkendelen av aktivitetsrommet og biblioteket.*

## SFO

SFO har en stor base i eit modulbygg. Basen består av eit stort leikerom ("Leikestova" på 60 m<sup>2</sup>), eit stort rom med m.a. kjøken ("Matstova" på 54 m<sup>2</sup>), eit lekserom/grupperom (12 m<sup>2</sup>), eit lite TV-rom (8 m<sup>2</sup>) og eit lite ballrom (13 m<sup>2</sup>), samt garderobe (18 m<sup>2</sup>). Det er lite sambruk av areala og tilhøva for SFO er svært gode.



*Bileta viser (f.v.): Eine hjørnet av "Matstova", "leikestova" og ballrommet.*

## GARDEROBAR OG TOALETT



Skulen har desentraliserte inngangar med garderobar og toalett i tilknytning til kvar undervisningsbase. Det er tre garderobar med plass til to trinn og ein garderobe med plass til eitt trinn. For dei yngste elevane er det og grovgarderobe med tørkeskåp. Garderobe- og toalettilhøva er svært gode.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Skulen sin administrasjon består av kontor for einingsleiar (17 m<sup>2</sup>), kontor for inspektør (8 m<sup>2</sup>) og forkontor/sekretær (11,5 m<sup>2</sup>). Tilhøva er svært gode, men inspektørkontoret er noko trangt.

Lærararbeidsplassane er lokalisert i enkeltmannskontor på ca 8 m<sup>2</sup>. Kontora er organisert i to avdelingar med teamarbeidsrom i midten. Tilhøva er svært gode, men lite fleksible på den måte at det vert svært trangt når skulen no har fleire lærarar enn kontor, og nokre må dele kontor.

Personalrommet er på 42 m<sup>2</sup> og pent innreia med møtebord og sofakrokar. Det er eit tekjøken på personalrommet. Rommet er stort nok til å romme heile personalet. Personalrommet kan utvidast ut i trafikkarealet utanfor ved hjelp av ein foldevegg.

Det er to like personalgarderobar med garderobe, toalett og dusj. Garderobane ligg like ved personalrommet.

Tilhøva for administrasjon og personale er salt i alt vært tilfredsstillande.



*Bileta viser (f.v.): Forkontoret, teamrom med kontor for lærarane i bakkant og personalrommet.*

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta disponerar eit rom (20 m<sup>2</sup>) i 1.etg av bygget. Rommet vert og brukt som møterom når skulehelsetenesta ikkje er på skulen.

### Reinhald

Det er eit reinhaldsrom/vaskerom (9 m<sup>2</sup>) og eit bøttekott (2 m<sup>2</sup>) i 1.etg av bygget, og eit bøttekott i 2.etg.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar eit rom (7 m<sup>2</sup>) i 1.etg av bygget.

### Lager

Det er tre lagerrom på 18 m<sup>2</sup>, 21 m<sup>2</sup> og 12 m<sup>2</sup> i 1.etg av bygget.

## INVENTAR

Inventaret var nytt då skulen var ny og i god stand.

#### 11.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

##### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 3 490 000 kr inkl. mva. (SFO)
- Byggteknisk: Vindauge, kledning og innvendige flater.
- VVS: Ventilasjon SFO
- Elektro: Mindre arbeider

#### 11.6 SKULEN SIN KAPASITET

Skulen har gode og tenelege læringsareal, samt at den kan nytte spesialrom på ungdomsskulen. Kapasiteten er vurdert til 150-160 elevar, inkl. bruk av SFO-basen.

#### 11.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid og den vert heller ikkje brukt noko særlig etter skuletid.

#### 11.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Skulen er godt tilrettelagt for alle.

#### 11.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

#### 11.10 SAMLA VURDERING

Skulen er godt tilpassa i høve til elevtal og tilsette. Den har gode heimebasar for elevane og tilfredstillande med grupperom og formidlingsrom.



## 12 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ OSTEREIDET UNGDOMSSKULE

Skuletype: Ungdomsskule 8.-10.årssteg  
 Kapasitet: 150-160 elevar  
 Brutto bygningsareal: 4226 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal bsk og usk: ca 37 300 m<sup>2</sup>



### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 109 elevar  
 Pedagogisk personale: 21 personar  
 17 årsverk  
 Andre tilsette : 9 personar  
 (assistentar og kontorpers.) 4,7 årsverk

### 12.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Ungdomsskulekrinsen består av barneskulekrinsane Eikanger , Kløvheim og Ostereidet, dei søraustlege delane av kommunen.

### 12.2 BYGNINGAR

Skulen består opphavleg av ein skulebygning frå 1964/65 (til høgre på biletet) med eit påbygg frå 1997 (til venstre på biletet), samt eit frittliggjande idrettsbygg med symjebasseng og gymnastikksal. Klasseromma er søraustvendte og hovudinngangen for elevane ligg mot ein asfaltert skuleplass mot nord. Inngang for tilsette og dei som vitjar skulen er i første etasje i påbygget, som ligg nærast parkeringsplassen.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Opphavleg bygg	2.etg: 4 klasserom, 1 grupperom, 1 grupperom/kjøken, base for spesialelev og datarom, gang og elevtoalett, Eikanger idrettslag sitt sekretariat.  1.etg: 2 klasserom, 2 grupperom, sløydavdeling, musikkavdeling, hall og elevtoalett.	2465 m <sup>2</sup>	1964/65
Tilbygg	3.etg: K&H (tekstilforming)  2.etg: administrasjon og personalavdeling  1.etg: Bibliotek, skulekjøken og naturfagsrom.		1997
Idrettsbygg	Symjebasseng, gymnastikksal med scene og tre garderobar.	ca 1770 m <sup>2</sup>	

### 12.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skulen sitt uteområde består i hovudsak av ein asfaltert plass utanfor hovudinngangen, fotballbane med kunstgras og friidrettsbane. Uteområdet vert, i tillegg til å vere ein sosial møteplass og pausearena, nytta som læringsareal av ei friluftsguppe. Desse nyttar og områda utanfor skulen sin tomt. Det er sett i gang arbeid for utvikling av ein plan for betre utemiljø. Kunstgrasbana er ny. Friidrettsbana er nedsliten og bør gjerast noko med. Det er og trong for fleire

element/tilbod i uteanlegget, som t.d. sittegrupper og amfi. Det burde og ha vore fleire leskur/uteplassar under tak.

Parkeringstilhøva og trafikksituasjonen for elevar, skulebussar og privatbilar er tilfredsstillande.



Bileta viser (f.v.): Skuleplassen bak bygget, kunstgrasbana og friidrettsbana på oppsida av bygget.

## 12.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

### ALLMENT LÆRINGSAREAL



Ostereidet ungdomsskule er ein ordinær klasseromskule. Skulen har seks klasserom, alle på ca 50 m<sup>2</sup>, og to grupperom på 15 m<sup>2</sup> og 8 m<sup>2</sup>. Klasseromma ligg vendt mot sør i den eldre delen av skulen. Klasseromma er små. Talet på grupperom er ikkje tilfredsstillande og plasseringa er heller ikkje god.

### SPESIALISERT LÆRINGSAREAL

Skulen har spesialisert læringsareal til alle fag der det er trong for særleg tilrettelagte rom: bibliotek, datarom, K&H (tekstil/teikning og sløydsal), mat og helse, musikk, naturfag og kroppsøving.

Biblioteket (124 m<sup>2</sup>) ligg i første etasje i påbygget frå 1997, og eit datarom (40 m<sup>2</sup>) med 14 pc-ar i andre etasje i den eldre delen av bygget. Biblioteket som har eit stort areal, vert lite brukt i undervisninga. Dette skuldast nok at plasseringa er dårleg i høve til klasseromma. Omdisponering av biblioteket bør difor vurderast. Større datarom kunne kanskje ha vore ønskjeleg, men det er nok ei betre og meir framtidsretta løysing med fleire PC-ar, trådløst nett og klasserom/baserom med stor nok plass til fleire maskiner.

Rom til tekstilforming ligg i tredje etasje i påbygget. Rommet har takvindauge og er på heile 96 m<sup>2</sup>. Resten av formingsromma ligg i første etasje i den eldste delen og omfattar et sløydsrom på 66 m<sup>2</sup> og fleire mindre rom; maskinrom, metallrom og lagerrom. Til saman utgjer formingsarealet i den eldste delen knapt 150 m<sup>2</sup>. Skulen har samla sett eit stort areal som vert nytta til kunst- og handverk, men romma skulle ha vore samla på ein stad og vore tilrettelagt for fleire aktivitetar og teknikkar.

Areal til faget Mat og helse (skulekjøken) ligg i første etasje i påbygget. Arealet er på 98 m<sup>2</sup>, medrekna kjøken, heimstell, matbou og garderobe. Skulekjøkenet har arbeidsplassar langs yttervegg, tavle på innervegg og matplassar/pultar i midten av rommet. Rommet er dimensjonert for 16 elevar, og verkar som reint, lyst og triveleg.



*Bileta viser (f.v.): Biblioteket, tekstilformingsrommet og skulekjøkenet.*

Musikkrommet ligg i skulen sin opphavlege gymnastikksal. Rommet har med scena eit samla areal på 150m<sup>2</sup>. Det er godt egna til dans, drama og framføringar. Lydtett øvingsrom og scenerom er sakna. Musikkrommet vert og nytta som samlingsrom for heile skulen. Skulemusikken disponerer eit eige lagerrom ved musikkrommet. Musikkrommet ligg i den eldste delen og ber preg av å ha vore i bruk i mange år.

Musikkrommet vert nytta som samlingsrom for heile skulen. Rommet har plass til 140-150 elevar. Skulen har ikkje elevkantine, men kan ha sal av mat i luke frå skulekjøken (elevbedrift). Det er stor avstand frå denne luka til stader kor maten kan etast (klasserom og foaje/musikkrom).

Areal for naturfag består av naturfagsrom (56-57 m<sup>2</sup>) og rom til førebuing (15 m<sup>2</sup>). Romma ligg i første etasje i påbygget. Naturfagsrommet er godt utstyrt. Det er praktisk innreia med arbeidsbenkar langs yttervegg, lange førelsningsbenkar/pultar, demonstrasjonsskap og tavle på innervegg. Rommet er lyst og triveleg. Naturfagsrommet fungerer godt til forsøk for grupper på rundt rekna 16 elevar, medan det er plass til fleire elevar i økter med demonstrasjonar og formidling.

Kroppsovingsarealet ligg i gymnastikkbygget og er felles for barneskulen og ungdomsskulen. Bygget består av foaje, symjehall, gymnastikksal og garderobar. Gymnastikksalen er stor og fin og i god stand, medan symjebassenget har trong for rehabilitering. Anlegget har berre tre garderobar, men skulle nok hatt fire for å auke kapasiteten. Det er planar om å få gjort noko med bassenget i inneverande år.



*Bileta viser (f.v.): Musikkavdelinga, naturfagsrom og gymsal.*

## GARDEROBAR OG TOALETT



Skulen har ikkje garderober til elevane. Knaggar i korridor er einaste tilbodet. Dette er ei lite tilfredsstillande løysing, som må føre til at elevane tek med seg våte klede inn i klasseromma. Elevar på ungdomssteget bør ha låsbare garderobeskåp.

Det er eit sentralt toalettanlegg med inngang utanfrå, og nokre desentraliserte toalett rundt om i bygget. Det bør etablerast fleire desentraliserte toalett nær elevane sine heimebasar/klasserom.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Administrasjon- og personalavdelinga er samla i andre etasje i påbygget. Romma her er lyse og trivelege.

Ein del av lærarane på Ostereidet ungdomsskule har eige kontor. Det er i alt tolv kontor med lærararbeidsplassar på 5,5-6,8 m<sup>2</sup>. I tillegg til kontora er det eit arbeidsrom på 14 m<sup>2</sup> med to arbeidsplassar. Det er gjort bruk av glas i dører og veggjar. Arbeidsplasstilhøva for lærarane er svært gode, men løysinga er lite fleksibel når talet på lærarar endrar seg. Ingen av kontora har plass til meir enn ein arbeidsplass. Skulen oppgjev at den manglar min 6 kontorarbeidsplassar for å gje betre tilhøve for assistentane.

Tilhøva for administrasjonen er og svært gode. Det er kontor til rektor (18 m<sup>2</sup>), inspektør (14 m<sup>2</sup>, nyttast i dag som kontor for to lærarar), rådgjevar (8 m<sup>2</sup>) og sosiallærer (8 m<sup>2</sup>). Einingsleiar og morsmålslærer deler eit kontor på 7 m<sup>2</sup>. Det er og eit forkontor på 18 m<sup>2</sup>, og kopirom og lagerrom i nærleiken.

Skulen har eit lyst og triveleg personalrom/fellesrom på 54 m<sup>2</sup>, med sitjegrupper og tekjøken. Rommet har plass til heile personalet.

Det er eit møte-/konferanserom på 19 m<sup>2</sup> i administrasjon- personalavdelinga. Rommet er utan dagslys.

I administrasjon- og personalavdelinga er det to garderober med ein dusj og eit toalett i kvar. Garderobetilhøva tilfredsstillande.



Bileta viser (f.v.): Personalrommet, kontor med arbeidsplass for to lærarar og kontoravdelinga for lærararbeidsplassar.

## ANDRE FUNKSJONAR/ROM

### Skulehelseteneste

Det er ikkje eige rom til skulehelsetenesta. Helsesøster låner møterommet i administrasjonen når ho er på skulen.

### Reinhald

Skulen har eit reinhald/vaskerom og pauserom til reinhaldspersonale i første etasje i den eldste delen av bygget (bak musikkrommet). Det er og eit lite rom (5 m<sup>2</sup>) til reinhald i andre etasje.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister disponerar eit rom (11 m<sup>2</sup>) og garasje (45 m<sup>2</sup>) i første etasje i den eldste delen av bygget. Denne delen vert og nytta av idrettslaget i samband med arrangement på friidrettsbana.

### Lager

Skulen har ti lagerrom av varierende storleik (til saman knapt 100 m<sup>2</sup>).

## INVENTAR

Mykje av skulen sitt inventar er nedslite og har stor trong for oppgradering/utskifting.

### 12.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND

Den gamle delen av skulen er svært nedsliten og har stor trong for oppgradering. Vindauga mot søraust er skifta ut. Kledning på ein del av bygget skal bytast. Tak over musikkrom/ toalettavdeling er i dårleg stand.

Ventilasjonsanlegget for den gamle delen av skulen har berre mekanisk avtrekk. Dette kan betraktast som totalt ubrukeleg og er ikkje godkjent av arbeidstilsynet. Det er trong for eit nytt ventilasjonsanlegg i denne delen av bygget. Ventilasjonsanlegget i den nye delen av skulen er nytt og fungerer bra. Det elektriske anlegget bør vurderast oppgradert ved endringar i bygget. Når det gjeld varmeanlegget er omnar skifta i nokre klasserom. Ved ein eventuell opprusting må det tas omsyn med oppgradering av attverande varmeomnar. Når det gjeld vedlikehald og renoveringstiltak er det installert styresystem for effektregulering.

Symjebassenget vert rehabilitert i 2009.

### **Vedlikehaldsbehov neste 5 år:**

- Kostnad: 16 430 000 kr inkl. mva.
- Byggteknisk: Fasaderhabilitering, yttertak, vindauga og innvendige flater. (gamal del)
- VVS: Nye kanalar i gamal del. Anlegget i den nye delen er forberedt for å forsyne heile bygget.
- Elektro: Nye føringsveier

### 12.6 SKULEN SIN KAPASITET

Kapasiteten er vurdert til å vere på 150-16 elevar, og skulen har mykje ledig kapasitet med dagens elevtal.

### 12.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET

Ostereidet barneskule låner spesialrom til heimkunnskap og sløyd. Gymnastikkbygget er felles for dei to skulane. Fleire andre barneskular nyttar og symjebassenget i skuletida når dette er i drift.

På kveldstid nyttar skulekorpset musikkavdelinga og nokre klasserom til øvingslokale 2 gonger i veka. Bridgeklubben låner musikkavdelinga 2 kveldar i veka. Kommunal fritidsklubb har fram til mars 2009 nytta heile skulen 2 kveldar pr veke. Eikanger IL bruker (disponerer) Idrettsbygget alle kvardagar frå kl 1600 til kl 2200. I tillegg er det ein del lag og organisasjonar som låner rom sporadisk.

### 12.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)

Skulen har heis og HC-toalett, men det er trong for utbetringar for rullestolbrukarar i den eldste delen. Skulen er ikkje tilrettelagt for andre funksjonshemmingar og kan difor ikkje seiast å vere fullt ut tilrettelagt for alle.

### 12.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETТА HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR

Skulen er godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

### 12.10 SAMLA VURDERING

Skulen har bra med areal, men den opphavlege delen har stor trong for teknisk og bygningsmessig rehabilitering og ombygging og tilpassing for varierte arbeidsmåtar og fleksibel organisering. Det er i fyrste rekkje elevane sine areal som må utbetrast. Areal til dei vaksne ligg stort sett i påbygget. Klasseromma er små og skulen har få grupperom og dårlege toalett- og garderober for elevane. Den manglar og elevkantine. Mykje av dette kan truleg løysast ved ombygging og omdisponering, m.a. av bibliotek og musikkrom, som er store rom som ikkje ser ut til å vere fullt utnytta. Alternativt kan det og vere aktuelt å rive noko av det eldste og erstatte med nybygg.

## 13 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ SEIM SKULE

Skuletype: Barneskule 1.-7.årssteg  
 Kapasitet: 55-70 elevar  
 Brutto bygningsareal: 1152 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 13 800 m<sup>2</sup>



### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 90 elevar  
 Talet på barn i SFO: 15 barn  
 Pedagogisk personale: 12 personar  
 10,85 årsverk  
 Andre tilsette: 6 personar  
 ? årsverk

### 13.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Skulen ligg i grenda Seim, om lag 10 km nord for Knarvik. I nord og aust strekker inntaksområdet seg til Søreide/Leivestad, i vest til Vollom mot Lygra/Festo, og i sør til Herland/Espeland. Det er spreitt busetnad i grenda og skulen mottar elevar frå heile området. Kart med inntaksgrenser vert lagt ved rapporten.

### 13.2 BYGNINGARSKULEN BESTÅR AV EIN GAMAL TREBYGNING FRÅ 1954 SOM FEKK EIT PÅBYGG I SAMBAND MED INNFØRINGA AV REFORM '97.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygning	1. etg: SFO/1.klassebase, gymnastikkareal, elevgarderobe, personalgarderobar, elevtoalett.	439 m <sup>2</sup>	1954/1997
	2. etg: 3 klasserom/baser, 2 grupperom, bibliotek, administrasjon og personalareal.	439 m <sup>2</sup>	
	3.etg: 3 klasserom, 1 grupperom, skulekjøken, reinhaldslager.	318 m <sup>2</sup>	

### 13.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Uteområdet på Seim skule består i hovudsak av ein stor ballbane. I tillegg er det nokre leikeapparat og benkar/bord framfor hovudinngangen. Det er lagt til rette ein eigen leikeplass med sandkasse for dei yngste elevane bakom skulen. Det er etablerast no ein kunstgrasbane der ballbana er plassert på flyfotoet nedanfor. Tomta på Seim skule er svært liten.

I tillegg til areal på skulen sin tomt, nyttar elevane gras-/markområde innanfor vegen på nedsida av skulen til fri leik. Det er ytra ønskje om at kommunen kjøper tomte mellom skulen sin tomt og hovudvegen slik at den kan opparbeidast som leikeområde. Skulen har og eit område på oppsida av skulen som kan nyttast, men det ligg for langt unna til å kunne nyttast i friminutt.

Bileta under viser leikeapparat, grusbanen og sandkasse/leikeområde for dei yngste elevane.




I tillegg til å vere ein pause- og leikearena, nyttar skulen uteområdet i kroppsøvingundervisning, til uteskule og prosjektdagar. Det er og lagt til rette egne plasser for uteskule utanfor skulen sin tomt.

Det er parkeringsplass for tilsette ovanfor hovudvegen, eit lite stykke nedanfor skulebygget. Det er grei kapasitet på plassen for dei tilsette på skulen, men det vert trangt når den vert nytta av besøkande. Det er og lagt til rette ein avsetningsplass for bussar/foreldre som køyrer elevar til skulen. Trafikksituasjonen er likevel ikkje tilfredsstillande. Det oppstår farlege situasjonar med bilar som rygger etc. i samband med avsetning på parkeringsplassen. Det er og sykkelparkering ved innkøringa til parkeringsplassen, noko som skapar konflikt mellom mjuke og harde trafikkantar. Avkøyringa ut på hovudvegen er uoversiktleg og farleg. Bileta under viser (f.v.) avsetningsplass,



parkering/sykkelparkering og avkøyring til hovudveg.

Flyfotoet nedanfor viser skuletomta med bygning, skuleplass, parkeringsplass og busslomme.





### 13.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

Seim skule er i stor grad ein tradisjonell klasseromsskule, men skulen har nokre areal som er betre lagt til rette for varierte arbeidsmåtar og fleksibel gruppeinndeling.

#### ALLMENT LÆRINGSAREAL

Dei 6 klasseromma i den eldste delen av bygget er ordinære, lukka rom på 40-48 m<sup>2</sup>, plassert langs ein-sidig korridor i tre etasjar. Storleiken på klasseromma er grei så lenge talet på elevar i kvar gruppe ikkje vert for høgt. Det som opphavleg var scene til gymsalen og sløydsal i 1.etg. er bygd om til klasserom for 1.årssteg og SFO-base (kjøken). Desse romma vert brukt i sambruk mellom SFO og skule.

I 2.etg av tilbygget frå 1997 er det ein meir moderne base (63 m<sup>2</sup>) som var tenkt som SFO-base. Denne basen inneheld kjøkenkrok, spisekrok, ein undervisningsdel og eit lite grupperom. Den vert no nytta som fast base for 2.årssteg.

Skulen har tre grupperom. Eit grupperom (29 m<sup>2</sup>) ligg i 2.etg. mellom klasserom og bibliotek, eitt (7 m<sup>2</sup>) ligg i basen for 2.årssteg og eit (8 m<sup>2</sup>) ligg i 3.etg. i enden av korridoren. I tillegg til dette vert korridorar og skulekjøken nytta til gruppearbeid.

Bileta under viser (t.v.) eit ordinært klasserom med variert møblering, (i midten) basen for 2.årssteg og (t.h.) grupperommet i 3.etg.



Generelt er det allmenne læringsarealet lite egna for varierte arbeidsmåtar og fleksible storleikar på gruppene, men nokre av romma har ein variert møblering som betrar situasjonen. Spesielt vert mangelen på grupperom opplevd som eit problem for skulen.

#### SPELISERT LÆRINGSAREAL

Av spesialisert læringsareal har skulen eitt skulekjøken, eit lite bibliotek og ein svært liten gymsal.

Biblioteket er etablert i eit grupperom (15 m<sup>2</sup>) i 2.etg. av skulebygget. Rommet er innreia med reolar langs veggane, arbeidsbord midt i rommet og eit par datamaskinar. Rommet vert og nytta som grupperom.



Bileta nedanfor viser (f.v.) biblioteket, gymsalen og skulekjøkenet:



Skulekjøkenet er etablert i eit tidligare klasserom (46 m<sup>2</sup>) i 3.etg av bygget. Kjøkenet inneheld tre arbeidsstasjonar plassert som lange benkar ut frå eine kortveggen. I tillegg er der arbeids/matbord til kvar av arbeidsstasjonane. Skulekjøkenet vert også nytta som grupperom når det ikkje er i bruk til kjernefunksjonen.

”Gymsalen” (87 m<sup>2</sup>) ligg i 1.etg. av den gamle delen av bygget. Salen er slitt og har alt for lite areal i høve til dei aktivitetane som skal gå føre seg der. Gymsalen vert og nytta til samlingar for heile skulen. Det er stollager under det som tidlegare var scene, no klasserom for 1.årssteg. Det er berre ein garderobe og eitt dusjrom i tilknytning til gymsalen. Dette er ikkje tilfredsstillande i høve til at alle elevane, både gutar og jenter, skal ha åtgang til å kunne dusje etter gymnastikkundervisning.

## SFO



SFO har sambruk med 1.årssteg på eitt klasserom og eit kjøken / leikerom. Klasserommet har direkte åtgang til gymsalen. Romma for SFO og 1.årssteg er godt lagt til rette for alderssteget og har grei standard. Bileta viser kjøken/leikerom og klasserom.

## GARDEROBAR OG TOALETT



I den gamle delen av bygget er det garderobe i form av oppbevaringshylle og knaggar i korridor. Korridorane er tronge som det er, og situasjonen vert ikkje betre av at klede og hyller fyller opp. I tilbygget frå 1997 er det garderobe med toalett for 2.årssteg.

Det er eit enkelttoalett i 3.etg av bygget, og sentrale toalettanlegg med åtgang frå skuleplassen. Toalettihøva for elevane er ikkje tilfredsstillande.

## ADMINISTRASJON- OG PERSONALAREAL

Administrasjon- og personalareala ligg samla i 2.etg i den gamle delen av skulen.

Administrasjonen består av kontor for rektor og eit lite forkontor. Kontoret til rektor (bildet) har eit greitt areal (15 m<sup>2</sup>) og er tilfredsstillande. Forkontoret er lite (6,5 m<sup>2</sup>) og ligg mellom personalrom og rektor sitt kontor. Dette er lite tilfredsstillande.

Personalrommet er på 17 m<sup>2</sup> og er svært trangt i høve til talet på tilsette (biletet) og er ikkje tilfredsstillande i høve til arbeidsmiljøloven.

Arbeidsplassane til lærarane er samla på eitt rom på 30 m<sup>2</sup>. Også dette er alt for trangt i høve til talet på tilsette og svært lite tilfredsstillande.

Personalgarderobane ligg i underetasjen av tilbygget frå 1997. Det er lang avstand frå administrasjon og personalareala. Det er to garderober med toalett og dusj, begge på 13 m<sup>2</sup>.



Bileta viser (f.v.): rektor sitt kontor, personalrommet og deler av arbeidsrommet for lærarane

### Kantine/samlingsrom

Skulen har ikkje kantine eller eige samlingsrom. "Gymsalen" vert nytta når heile skulen skal samlast.

### Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta nyttar eit grupperom dei dagane dei er på skulen.

### Reinhald



Tilhøva for reinhald er ikkje tilfredsstillande. I 1.etg av bygget er det ein vaskesentral og eit bøttekott. I andre etasje er det ikkje bøttekott, og det er ikkje heis i bygget. Difor vert ein vasketralle lagra i trafikkareal i denne etasjen. I 3.etg. er det eit reinhaldslager/bøttekott på 10 m<sup>2</sup>, men dørstokken er så høg at det er vanskeleg å få vasketralle inn i rommet. Tralla står difor her og lagra i trafikkarealet utanfor.

### Vaktmeister/byggeigar sitt rom

Vaktmeister hadde tidlegare eit lager/verkstad i toalettbygget. Desse areala vert no nytta til lager.

### Lager

Skulen har lite lagerplass utanom loftet (med svært bratt trapp/stige opp) og den tidlegare vaktmeisterverkstaden, og ting blir difor lagra i reolar i trafikkareala. Dette er ikkje ein tilfredsstillande situasjon med omsyn til rømmingsveggar, brannfare etc.

## **INVENTAR**

Skulen har inventar av stor sett god kvalitet, med bord av lik høgde og stolar med regulerbare fotbrett. Sjølv om ein del stolar og bord er gamle, er dei velhaldne. I eit eventuelt byggeprosjekt vil det likevel vere trong for fornying av inventar.

## **13.5 VURDERING AV ANLEGGET SIN TEKNISKE TILSTAND**

### **GENERELT**

Skulen er oppført i tre byggetrinn. Opphavleg skule frå 1954 vart bygd til i søraustre ende i 1964. Tilbygget rommar eit klasserom i hhv. 2. og 3. etg. samt SFO-kjøken i 1. etg. Tilbygget mot vest (1997) er oppført i to etasjar med kaldt loft.

Skulen er i hovudsak bygd i konstruksjonar av mur og tre. Etasjeskiller i dei to første byggetrinna er av trebjelkelag.

Branntryggleiken ved skulen er svært mangelfull. Det manglar brannteknisk dokumentasjon ved skulen. Det er oppgitt at denne er utarbeida, men at nødvendige tiltak førebels ikkje er sett i gang. Det er mistanke om generelle svakheiter på branntekniske skiljekonstruksjonar, deriblant innardører og brannmotstand på innvendige veggjar. Det er og registrert tilhøve som tilseier at dei organisatoriske tilhøva ved skulen ikkje er tilrettelagt for effektivt brannvernsarbeid; rømmingsdørar som er sperra av inventar/møbler, eller lagring av store mengder brennbart materiale på loft.

Manglande heis, mange sprang, smale dører mm. gjør at skulen ikkje er tilrettelagt iht. krav til universell utforming.

Det er svært lytt i bygget.

### **UTVENDIG BYGNINGSMESSIG**

Samla sett står bygningsmassen fram som godt vedlikehalde. Det er utført ein rekke vedlikehalds tiltak, mellom anna utskifting av nesten alle originale vindauge (1994), ny takteking og fornya utvendig kledning.

Det er likevel openbare svakheiter ved ytterveggen mot nordaust. Det var fastslått mikrobiologisk tilvekst i eitt av klasseromma mot nordaust (rom 204). Det må påreknast at det same kan gjelde for fleire andre rom mot nordaust i 2. et. og eventuelt 3. et.

Det har vore utført muggsoppsanering av rom 204, og rapport frå Telelab (2006/3914 - 29) etter at arbeidet er avslutta angir ingen unormale funn i rommet. Rapporten frå Telelab vert lagt ved utgreiinga.

Det er fuktinntrenging gjennom yttervegg i søraustre del av skulen (toalettbygning). Tilhøve kva gjeld drensssystemet er uklare.

Det er mogleg at vindauga er utstyrt med solvarmereflekerande ruter. Utover det finst det ingen skjerming frå solvarmen gjennom vindauge. Dette må sjåast i samanheng med manglande balansert ventilasjon/luftkjøling, sjå under.

### **INNVENDIG BYGNINGSMESSIG (BYGGETRINN 1954 OG 1964)**

Skulen ber preg av slitasje kva gjeld dei fleste overflater. De fleste innvendige dører er originale og bør skiftast, ikkje bare mop. branntryggleiken. Det same gjeld golvbelegget. Belegget i 1. etg (SFO, kjøken) er fornya. Resten av belegget er modent for utskifting. Golv i rom 304 (1964) har stort retningsavvik frå vater. Rommet ligg rett over rom 204 som nå vert rehabilitert pga. muggtilvekst.

### **TEKNISKE INSTALLASJONAR**

Skulen har tre ventilasjonssystem. Tilbygget 1997 har eige balansert anlegg som tilsynelatande fungerer bra. I 2001 vart det installert ventilasjonsanlegg som betener SFO-kjøken, klasserom og gymsal i 1. etg. Anlegget fungerer sannsynlegvis tilfredsstillande. Det tredje systemet er et ventilasjonsskap som berre betener kjøkenet i 3. etg.

Resten av skulen er basert på naturleg ventilasjon, dvs. lufting gjennom vindauga. Tilhøva er neppe akseptable mop. godkjenning jamfør forskrift om miljøretta helsevern. Ditto må det påreknast installasjon av balansert anlegg som betener areala som pr. i dag berre har naturleg ventilasjon. Dette krev teknisk rom, føringsveier/sjakter som vanskeleg lar seg plassere i dagens

planløysning.

Store delar av det elektriske anlegget (hovudtavle, hovud- og underfordelingar) er oppgjeve å ha blitt fornya for tre år sidan og bør vere i god stand. Skulen melder om at det er dårleg kapasitet på el-anlegget i høve til behovet.

Skulen er i hovudsak basert på elektrisk oppvarming med panelomnar. Toalett/garderobe til gymsalen har golvvarme. Det er oppgjeve at det ikkje er problem med å halde tilstrekkeleg innetemperatur om vinteren.

Brannalarmanlegget ved skulen har delvis vore fornya i dei seinare åra, men er ikkje heildekkande. Anlegget er heller ikkje kopla opp mot brannvesenet.

## **MOGELEGE OM- OG TILBYGNINGAR**

Opphavlig del samt tilbygg 1964 utgjer ein klassisk korridor skule. Ytterveggar og korridorveggen er bærande. Golvbjelkelaget spenner på tvers. Fjerning/opning av korridorveggen i nemneverdig grad er neppe rekningsssvarande/er konstruksjonsmessig krevjande.

Dersom skulen treng meir areal, er ikkje omfattande innvendig ombygging ei god løysning. Heller ikkje påbygging av ny etasje kan vere aktuelt pga. m.a. takform og bæresystem i eksisterande anlegg.

### **13.6 SKULEN SIN KAPASITET**

Skulen opplever å ha mangel på grupperom og spesialisert læringsareal. Berekningar viser at i høve til bruttoareal pr elev (eks. idrettsareal), har skulen i 2007/08 eit noko lågt areal (11,6 m<sup>2</sup>/elev). Til samanlikning er arealnорма for ein skule med rundt 200 elevar i Bergen kommune 13,7 m<sup>2</sup>/elev.

Dersom ein analyserar med omsyn til type areal, har skulen ein berekna kapasitet i læringsareala til ca 50-60 elevar (ved 80-90 % kapasitetsutnytting). Eitt av klasseromma bør då omgjerst til spesialisert læringsareal/fleirbruksrom.

Skulen har alt for få lærararbeidsplassar. Den kan tilby 2,5 m<sup>2</sup>/arbeidsplass, medan norma for nye skular gjerne ligg på 6 m<sup>2</sup>/arbeidsplass.

### **13.7 ANDRE BRUKARAR AV ANLEGGET**

Skulen har ingen andre brukarar på dagtid.

På ettermiddags-/kveldstid nyttar idrettslaget av og til gymsalen. Når kunstgrasbana er ferdig forventar skulen aktivitet på tomta kvar dag i vekedagane.

### **13.8 TILRETTELEGGING FOR ALLE (UNIVERSELL UTFORMING)**

Skulen er ikkje godt lagt til rette for alle. Bygget har tre etasjar og ikkje heis. Det er høge dørstokkar mange stader og korridorane er tronge på grunn av at mykje blir lagra i hyller i korridor. Det er ikkje automatiske dørøpnarar på hovudinngangsdør. Skulen har heller ikkje tydelig hovudinngang eller lett leselige kommunikasjonsmønster inne i bygget. Det er også eit HC-toalett i 1997-tilbygget.

### **13.9 GODKJENNING - FORSKRIFT OM MILJØRETTE HELSEVERN I SKULAR OG BARNEHAGAR**

Skulen er ikkje godkjent i høve til forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

Manglande godkjenning skuldast dårlege inneklimaforhold.

### 13.10 SAMLA VURDERING

Seim skule har lite, og dårleg egna areal i høve til den drifta som skal gå føre på skulen. Så lenge elevtalet er lågt fungerer klasseromma greitt, men det er lite høve til å variere storleiken på gruppene, grunna mangel på rom.

Skulen har svært lite spesialisert læringsareal. Gymsalen er liten, slitt og generelt lite egna til formålet. Det manglar ein garderobe, og tilhøva er lite tilfredsstillande. Biblioteket er lite. Skulekjøkenet er tilfredsstillande, men rommet kunne vore meir fleksibelt innreia. Skulen manglar rom til kunst og handverk, musikk/drama og naturfag. Dette er ikkje tilfredsstillande.

Samla vurdering av Seim skule i høve til kor godt egna skulen er som læringsstad: Seim skule har lite høve til å dele elevane inn i ulike grupper og det meste av læringsarbeidet må sånn sett gå føre seg i klasserommet. Skulebygget er generelt lite egna som skulebygg, i høve til dagens krav til moderne skuledrift.

Skulen ligg i vakre omgivnader, men sjølve skuleplassen er lagt til som ein stor flate. Skulen kunne med fordel ha utvikla områda nedanfor ballbanen betre for leik.

## 14 EKSISTERANDE ANLEGG PÅ SKODVIN SKULE

Skuletype: Tredelt barneskule 1.-7. årssteg  
 Kapasitet: 45-60 elevar  
 Brutto bygningsareal: 1149 m<sup>2</sup>  
 Tomteareal: ca 6400 m<sup>2</sup>

### NØKKELTAL FOR SKULEÅRET 2008/09:

Talet på elevar: 53 elevar  
 Talet på barn i SFO: 19 barn  
 Pedagogisk personale: 7 personar  
 6,13 årsverk  
 Andre tilsette : 5 personar  
 (assistentar og kontorpers.) 2,9 årsverk



### 14.1 LOKALISERING OG OPPTAKSOMRÅDE

Skodvin skule ligg nordvest i Lindås kommune, om lag 18 km nord for kommunesenteret Knarvik.

35 av dei 53 elevane på skulen har rett på gratis skuleskyss pga avstand og farleg skuleveg.


### 14.2 BYGNINGAR

Skodvin skule består av eit samanhengande L-forma hovudbygg som er bygd på i fleire omgangar: ein trebygning frå 1934, ein murbygning frå 1974 og eit påbygg på murbygningen med tre rom frå 1997. I tillegg har skulen ei frittstående brakke frå 1985.

Bygning	Innhald	M <sup>2</sup> BTA	Byggeår
Hovudbygg (trebygning)	3.etg: 1 klasserom, 2 grupperom, lager  2.etg: Gymsal med garderobar og apparatrom, samt elevtoalett.  1.etg: Sløydsal, vekstrom og reinhaldssentral/vaskerom.	1100	1934
Hovudbygg (murbygning)	2.etg: 1 klasserom, 1 klasserom/skulekjøken, administrasjon- og personalareal.  1.etg: 1 klasserom, 1 klasserom/SFO, 1 grupperom/SFO, kjøken SFO, lager/tilfluktsrom		1974, 1997
Brakke	1 klasserom	49	1985

### 14.3 TOMT OG UTEOMRÅDE

Skodvin skule har eit stort og fint uteområde, som er lagt til rette med stor grusbane for ballspel, huskar, "bobbane", klatrestativ, sklie, sandkasse og sandvolleyballbane. I tillegg er det fin naturtomt bak hovudbygget, godt egna for leik og aking. Skulen saknar nokre fleire motoriske utfordringar for dei eldste elevane.



Uteområdet vert hovudsakeleg nytta i pausar og friminutt, men og i kroppsøvingstimar haust og vår, samt i prosjekterelatert arbeid. Skulen skal og etablere ein skulehage, som ein del av samarbeidet mellom skulen og Træland gard.

Utanfor skulen sin tomt har skulen avtale med grunneigar om å disponere "leirplassar", ein til gapahuk nær skulen og ein til lavvo litt lengre vekk. Desse plassane vert brukt til uteskule på småskuletrinnet. I tillegg har skulen avtale med grunneigar om å kunne bruke skogs- og engareal til uteskule. Skulen har og eit samarbeid med Træland gard i prosjektet "Garden som pedagogisk ressurs". Her er det fast opplegg for alle elevane på

mellomsteget med tema Plantekultur (blomar/ grønsaker/urter), Husdyrstell (hest/sau/høns), Lokal foredling av matvarer og Kulturlandskapet.

Hovudvegen ligger like nedanfor skuleplassen. Her går mykje tungtrafikk, m.a. frå Mongstad. Det er busstopp og avsetningsplass ved hovudvegen. Frå hovudvegen er det ein smal veg opp til skulen. Det er parkeringsplass for skulen på baksida av hovudbygget, greitt skjerma frå elevane sine leikeareal.



Bileta viser (f.v.): Klatrestativ/sklie, grusbane og husker, naturtomt og volleyballbane.

### 14.4 ORGANISERING AV SKULEN SINE AREAL

#### **ALLMENT LÆRINGSAREAL**

Skulen har 5 klasserom og tre grupperom.

Det er foldevegg mellom dei to klasseromma ( 56 m<sup>2</sup> og 41 m<sup>2</sup>) i 1.etg av murbygget. Her er det sambruk mellom dei lågaste årsstega og SFO. Det er eit grupperom/kosserom (20 m<sup>2</sup>) i tilknytning til desse romma.

Dei to klasseromma i 2.etg er ordinære lukka rom på ca 57 m<sup>2</sup>. Det eine er kombinert klasserom og skulekjøken og det andre er kombinert klasserom og musikkrom. Det etablerast nytt kjøken ila



2009. Det er ikkje grupperom i 2.etg.

Klasserommet i 3.etg ligg i den gamle trebygningen frå 1934. Det er ein smal og bratt trapp opp. Sjølve klasserommet er på 65 m<sup>2</sup>. Det er også to grupperom (17 m<sup>2</sup> og 14 m<sup>2</sup>) i 3.etg. Det eine grupperommet har åtgang frå trafikkareal/gang, medan det andre berre har åtgang frå klasserommet. Læringsareala i dette bygget er ikkje gode og lite tilgjengelege.

I tillegg er det eit klasserom på ca 45 m<sup>2</sup> i brakkebygget. Her er det og bibliotekhyller.



*Bileta viser (f.v.): Kombinert klasserom/musikkrom og klasserom og grupperom i 3.etg av trebygningen.*

### **SPELISERT LÆRINGSAREAL**

Skulen har spesialrom til sløyd og kroppsøving, samt eit lite vekstrom. Andre spesialiserte læringsareal er i sambruk med allment læringsareal i klasseromma. Dette gjeld m.a. K&H (teikning/tekstilforming), musikk, skulekjøken og naturfag.



Bibliotekfunksjonen er desentralisert til klasseromma og korridor.

Skulen har etablert eit vekstrom på 14 m<sup>2</sup> i 1.etg av den gamle trebygningen, like ved sløydsalen (biletet øvst til venstre). Her er det og mjølk og fruktlager.



Sløydsalen (biletet i midten) er på 48 m<sup>2</sup> og ligg i 1.etg av det eldste bygget. Rommet er L-forma og er innreia med 10 sløydbenkar, arbeidsbord, arbeidsbenk langs vindaugsrekka og materiallager på vegg. Sløydsalen er tilfredsstillande, men noko nedsliten.



